Risiko knyttet til: • Salgs- og leieinntekter (drift) • Selvkostområdet • Kundefordringer (bal) • Andre kortsiktige fordringer (bal) • Ordinær merverdiavgift	Lav/middels anslått risiko: Stor grad av rutinemessige løpende transaksjoner, lite bruk av skjønn og estimat. Ordinær mva. og selvkost trekker risikoen noe opp. Substanshandlinger: • Salgsområdet er delvis revidert ved analyse mot budsjett og tidligere år uten å finne uforklarlige avvik. • Periodiseringskontroll uten vesentlige avvik • Kundefordringene stemmer mot reskontro og det er foretatt tapsavsetning for eldre kundefordringer som anses usikre. Vi vurderer tapsavsetningen til å være tilstrekkelig. • Terminoppgaver for ordinær mva avstemmes av økonomiavdelingen. • Selvkost – i all vesentlighet i tråd med selvkostforskriften. Bruk av eller avsetning til selvkostfond er i samsvar med etter kalkylen. Kommunen benytter forsystem for salg som er med på å sikre fullstendig bokførte salgsinntekter. Fakturagrunnlag kontrolleres av ansvarlig før fakturering.

Revisjonstilnærming – Innkjøp/kostnadsområdet

Innkjøps- / kostnadsområdet	Angrepsvinkel: Substanshandlinger (analyser og detaljtester) Status etter årsoppgjørrevisjon 2022
Risiko knyttet til: • Kjøp av varer og tjenester (drift) • Momskompensasjon • Leverandørgjeld (bal) • Annen kortsiktig gjeld (bal)	Middels anslått risiko: Stor grad av rutinemessige løpende transaksjoner. Tvungen attestasjons- og anvisningsrutine for inngående faktura, men fakturaene behandles på mange ulike enheter med varierende forståelse av kontrollrutinen. I tillegg er det ofte snakk om høye beløp som trekker risikoen opp. Substanshandlinger: • Innkjøpsområdet er delvis revidert ved analyse mot budsjett og fjoråret – avvik synes tilstrekkelig forklart • Store deler av kostnadene blir kontrollert ved vår terminvise kontroll av momskompensasjonskravet til kommunen. Det gjøres en god jobb av økonomiavdelingen på kontroll av riktig momskoding. Både ved bokføring og før oversendelse av kravet til oss for kontroll. • Periodiseringskontroll – de vesentligste periodiseringsavvikene ble korrigert • Leverandørgjelden stemmer mot reskontro og synes i all vesentlighet å fremstå ryddig med få eldre poster Regnskapssystemet er satt opp med sperre på at faktura må attesteres og anvises av to ulike personer før bokføring

Revisjonstilnærming – driftsmidler/ investeringsområdet

Driftsmidler / investeringer

Angrepsvinkel: Substanshandlinger (analyser og detaljtester) Status etter årsoppgjørrevisjon 2022

Risiko knyttet til:

- Investeringer i varige driftsmidler (inv)
- Salg av varige driftsmidler (inv)
- Avskrivninger/motpost avskrivninger (drift)
- Bruk av lån/lovlig finansiering (inv)
- Skille mellom drift og investering

Middels anslått risiko :

Stor grad av rutinemessige løpende transaksjoner. Tvungen attestasjons- og anvisningsrutine for inngående faktura. Komplisert regelverk og skjønnsmessige vurderinger knyttet til skille mellom drift og investering, samt vurdering av levetid på anleggsmidlene, øker risiko for vesentlige feil.

Substanshandlinger;

- Vår gjennomgang av større investeringsprosjekter med fokus på skille mellom drift og investering ga ikke avvik av betydning.
- Vi har sett kommunens egenvurdering og hatt dialog med administrasjonen hvor dette var aktuelt
- Avslutning av investeringsregnskapet er gjennomført i samsvar lov og forskrift.
- Anleggsmidler er kontrollert med hensyn til avskrivninger, tilganger og avganger uten vesentlige feil.

Bilagskontroll, herunder attestasjon og anvisning dekkes i stor grad ved kontroll av terminvise oppgaver for merverdiavgifts-kompensasjon.

Revisjonstilnærming - lønnsområdet

Lønnsområdet

Angrepsvinkel: Substanshandlinger (analyser og detaljtester)

Status etter årsoppgjørrevisjon 2022

Risiko knyttet til:

- Lønnskostnader
- Sosiale kostnader
- Pensjon

Middels/lav anslått risiko :

Rutinemessige månedlige beløp for fast lønn. Noe mer komplekst (forsystemer, manuelle grunnlag etc.) for variabel lønn. Høyt volum/størrelse, men mindre beløp for enkelttransaksjoner.

Substanshandlinger:

- Lønnsutgiftene er analysert mot budsjett og fjoråret. Større avvik er tilfredsstillende forklart
- Økonomiavdelingen gjør avstemming mellom lønnssystem og regnskapssystem gjennom året. Det gjør at evt differanser oppdages tidlig og korrigeres før årsoppgjøret.
- Krav sykepenges viser ingen eldre beløp. Lønnsavdelingen følger godt opp sykepengekravet mot NAV. Det er heller ingen avvik mellom lønnssystem og regnskapssystem.
- Pensjonskostnad med tilhørende balanseposter er riktig bokført iht, pensjonsleverandør og fullstendig innberettet.
- Kontrolloppstillingen (RF1022) ble korrigert og stemmer i all vesentlighet med innberettet, ble dermed signert av oss innen fristen

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

Revisjonstilnærming - overføringsområdet

Overføringsområdet	Angrepsvinkel: Substanshandlinger (analyser og detaljtester) Status etter årsoppgjørrevisjon 2022
Risiko knyttet til: <u>Overføringsinntekter:</u> • Rammetilskudd (drift) • Inntekts- og formuesskatt (drift) • Eiendomsskatt (drift) • Andre skatteinntekter (drift) • Andre overføringer og tilskudd fra staten (drift) • Overføring og tilskudd fra andre (drift) • Tilskudd fra andre (inv) <u>Overføringsutgifter:</u> • Overføring og tilskudd til andre (drift) • Tilskudd til andres investeringer (inv)	Lav/middels anslått risiko: Overføringsinntekter består hovedsakelig av overføringer fra staten som kan total-avstemmes mot ekstern dokumentasjon. Eiendomsskatt kontrolleres analytisk mot årets forventning, tidligere års regnskap og årets budsjett. Andre overføringer kontrolleres mot dokumentasjon fra tilskuddsgiver og/eller mot budsjett. Overføringsutgifter kontrolleres i stor grad mot vedtak og/eller budsjett, samt analytisk kontroll med sammenligning mot budsjett og tidligere år. Substanshandlinger: • Rammetilskudd og inntekts- og formuesskatt er avstemt mot oversikter fra staten uten å finne avvik. • Vi har foretatt analytiske kontroll av eiendomsskatt uten å få avvik av betydning • Analyse/detaljtester av andre overføringsinntekter/-utgifter viser ingen feil av betydning. • Periodiseringskontrollen fant feilperiodisert tilskudd - listeført

Revisjonstilnærming - Finansområdet

Finansområdet (res)	Finansområdet (bal)	Angrepsvinkel : Substanshandlinger Status etter årsoppgjøret 2022
Risiko transaksjonsklasser: • Renteinntekter og renteutgifter (drift) • Avdrag på lån (drift) • Utbytter (drift) • Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler (drift) • Investering i aksjer og andeler (inv) • Salg av finansielle anleggsmidler (inv) • Utlån av egne midler (inv) • Avdrag på lån (inv) • Utdeling fra selskaper (inv)	Risiko balanseposter: • Bankinnskudd og kontanter • Aksjer og andeler • Andre finansielle plasseringer • Fond • Kapitalkonto • Gjeld til kredittinstitusjoner • Annen gjeld (obligasjons- og sertifikatlån) • Utlån • Ubrukte lånemidler	Middels anslått risiko: Finansområdet er et komplekst område sammensatt av mange transaksjonsklasser med ulike risikovurdering. Substanshandlinger: - Finans –inntekter og utgifter er gjennomgått og kontrollert mot eksterne oppgaver - Minsteavdrag – beregning – ref. listeførte avvik - For utlån som er lånefinansiert er det kontrollert at mottatt avdrag er brukt til å betale avdrag på innlån, eller avsatt til bundet fond til dette formålet - Kontroll av balanseposter mot ekstern dokumentasjon uten vesentlige avvik: ▪ Langsiktig gjeld ▪ Likvide midler ▪ Aksjer og andeler (omløpsaksjer og anleggsaksjer) ▪ Utlån inkl. startlån ▪ Kortsiktig gjeld (likviditetslån, periodiserte kostnader, påløpte renter) ▪ Kortsiktig fordringer (opptjente inntekter, påløpte renter) ▪ Fond

Basert på gjennomgangen av området har vi ellers ingen merknader

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

Oppsummert

Årsregnskapene synes avlagt i tråd gjeldende lovkrav (kommunelovens regler og god kommunal regnskapsskikk) og gir i det alt vesentlige en dekkende fremstilling av de finansielle stillingene til de ulike enhetene

Dokumentasjon og avstemminger synes i all vesentlighet å være forelagt oss i tråd med lov om god bokføringsskikk

Fra revisjonen oppleves det som god dialog både i forkant og i løpet av revisjonen



“ Vi vil bidra til økt tillit mellom
innbyggerne og våre
eierkommuner ”

- Møre og Romsdal Revisjon SA

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 24/23	Ålesund kontrollutval	07.06.2023

Orienteringar

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek orienteringane til vitande.

Underliggende saker

02/23	Orientering om arbeid med elevarkiv - Ålesund kommune
03/23	Orientering om implementering av Helseplattformen - Ålesund kommune

Saksframlegg

Saksnr. Utval
OS 02/23 Ålesund kontrollutval

Møtedato
07.06.2023

Orientering om arbeid med elevarkiv - Ålesund kommune

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.

Bakgrunn:

I kommunestyremøtet 16. februar 2023 vart det stilt spørsmål til ordførar om mangelfulle elevarkiv i gamle Haram kommune. Ordførar avsluttar svaret sitt slik:

Ordføraren tek det på største alvor at vi ikkje har tilstrekkeleg kontroll med arkiva frå skulane i tidlegare Haram kommune. Etter dialog med kommunedirektøren ber eg difor om at det vert gjort nødvendige undersøkingar slik at ein får kontroll på arkiva frå skulane i tidlegare Haram kommune. Dette skjer i regi av avdeling Dokumentasjonsforvaltning med eventuell bistand frå kommuneadvokaten.

Eg ber vidare om at kommunedirektøren held kontrollutvalet orientert om arbeidet.

Kontrollutvalet fekk ei orientering om status i denne saka frå kommunedirektøren ved verksemdleiar Helge Veum, i møtet 15. mars 2023. Utvalet konkluderte då med at ei ny orientering før ferien ville vere nyttig.

Difor er kommunedirektøren invitert til å gje ei orientering til komande møte.

Saksframlegg

Saksnr. Utval
OS 03/23 Ålesund kontrollutval

Møtedato
07.06.2023

Orientering om implementering av Helseplattformen - Ålesund kommune

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.

Bakgrunn:

Ålesund kommune har nyleg tatt i bruk Helseplattformen. Kommunedirektøren er invitert itl å gje kontrollutvalet ei orientering om implementeringa og om kommunen sine erfaringar så langt.

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 25/23	Ålesund kontrollutval	07.06.2023

Meldingar

Underliggende saker

15/23	Informasjon frå ÅRIM AS
16/23	Melding om Statsforvaltaren sine tilsyn våren 2023 - spesialundervisning
17/23	Årsmelding 2022 - Forum for kontroll og tilsyn FKT

Saksframlegg

Saksnr. Utval
MS 15/23 Ålesund kontrollutval

Møtedato
07.06.2023

Informasjon frå ÅRIM AS

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek informasjonen til vitande.

Bakgrunn:

Ålesund kontrollutval hadde i sitt møte 10. mai 2023 ein samtale om tematikken sjølvkost.

Utvalet ynskte å få tilsendt informasjon frå ÅRIM for rekneskapsåret 2022, om kva for overskot som ligg til grunn for utbetaling av utbyttet til eigarane.

Og om overskotet er knytt til sjølvkostområdet for hushaldsavfall eller om eit eventuelt overskot på sjølvkost vert avsett til sjølvkostfondet.

Vedlagt her er informasjonen frå ÅRIM AS.

Vedlegg

Svar på etterspurt informasjon knytt til sjølvkost 2022

Emne: SV: Førespurnad frå Ålesund kontrollutval
Til: Solveig Kvamme <solveig.kvamme@sksiks.no>
Sendt: 25.05.2023 13:21:33

Fra: Øystein Peder Solevåg <ops@arim.no>

Bingsa Gjenvinning-konsernet driv i tillegg til lovpålagde tenester også med næringsverksemd. Når selskapet utbetaler utbytte til eigarane, er dette basert på overskot i næringsverksemda. Overskot på lovpålagde tenester er innbyggjarane sine pengar, dette kan ikkje nyttast til eit utbytte.

Styret i ÅRIM AS behandla sjølvkostrekneskapen for 2022 på sitt møte måndag 22. mai. Eg er usikker på om denne saken svarer ut alle spørsmåla kontrollutvalet har, men det er i alle fall eit grunnlag.

Saksframlegget såg slik ut (vedtaket var i tråd med innstillinga):

Til sak Å3/23 Sjølvkostrekneskap for 2022

Bakgrunn

Etter råd frå revisor blir sjølvkostrekneskapen for 2022 behandla som ein eigen styresak i ÅRIM AS.

Sjølvkostrekneskap 2022

ÅRIM AS leverer lovpålagte tenestene husholdningsrenovasjon og tømning av mindre separate avløpsanlegg (slam) til kommunene; Ålesund, Giske, Sula, Stranda, Sykkylven, Fjord og Vestnes. Kostnadene ved produksjonen av desse tenestene er omfatta av lovkrav om sjølvkost. Selskapet har plikt til å levere to separate sjølvkostrekneskap; eit for innsamling og behandling av hushaldsavfall og eit for innsamling og behandling av slam frå separate avløpsanlegg.

Sjølvkostrekneskap er utarbeidet basert på:

- Lov om kommuner og fylkeskommuner § 15-1
- Forskrift om beregning av samlet selvkost for kommunale og fylkeskommunale gebyrer
- Veileder til selvkostforskriften

Nesten 177 MNOK av omsetninga i Bingsa Gjenvinning-konsernet er knytt til å levere lovpålagde tenester til innbyggjarane i Ålesundregionen.

Selskapet hadde budsjettert med totale inntekter på 164,7 MNOK og eit resultat på minus 2,2 MNOK frå sjølvkostområdet for hushaldsavfall. Dei totale inntektene blei lågare, med 161,5 MNOK, men sjølvkostresultatet blei likevel positivt med 7,7 MNOK på grunn av lågare kostnader enn budsjettert. Det er satt opp ei oversikt over fond som viser at selskapet ved utgangen av 2022 hadde eit justeringsfond for hushaldsavfall på 20,8 MNOK. Dette skal nyttast til å produsere desse tenestene dei neste åra.

Aktiviteten innan innsamling og behandling av slam frå separate avløpsanlegg varierer mykje frå år til år, medan inntektene, som i all hovudsak er gebyr eigarkommunane krev inn, er relativt stabile. I 2022 var det budsjettert med 14,1 MNOK i inntekter og eit resultat på minus 4,8 MNOK på sjølvkostområdet for slam. Dei totale inntektene blei 15,3 MNOK, og sjølvkostresultatet blei på minus 3,3 MNOK. Det er satt opp ei oversikt over fond som viser at selskapet ved utgangen av 2022 hadde eit justeringsfond på slamområdet på 2,1 MNOK.

Rekneskap og budsjett for sjølvkostområda

Husholdningsrenovasjon	2 022	% av oms.	Budsjett 2022	% av oms.	Avvik	2021	% av oms.
Salgs og driftsinntekt	161 475 233		164 687 226		3 211 993	141 075 768	
Varekostnad	55 335 403	34 %	64 169 843	39 %	8 834 441	54 923 200	39 %
Brutto margin	106 139 830	66 %	100 517 383	61 %	-5 622 448	86 152 568	61 %
Lønnskostnad	44 089 839	27 %	46 227 913	28 %	2 138 074	39 737 587	28 %
Av og nedskrivning	13 318 877	8 %	14 791 819	9 %	1 472 942	9 403 413	7 %
Annen Driftskostnad	40 732 709	25 %	40 769 483	25 %	36 774	27 071 651	19 %
Driftsresultat	7 998 406	5 %	-1 271 832	-1 %	-9 270 238	9 939 918	7 %
Finansposter	1 117 968		-912 890		-2 030 858	382 620	
Resultat før skatt	9 116 374		-2 184 722		-11 301 096	10 322 538	
Skattekostnad					0		
Resultat etter skatt	9 116 374	6 %	-2 184 722	-1 %	-11 301 096	10 322 538	7 %

Slam	2 022	% av oms.	Budsjett 2022	% av oms.	Avvik	2021	% av oms.
Salgs og driftsinntekt	15 347 049		14 063 036		1 284 013	14 024 185	
Varekostnad	14 452 800	94 %	15 121 083	108 %	668 283	7 457 826	53 %
Brutto margin	894 249	6 %	-1 058 047	-8 %	615 730	6 566 359	47 %
Lønnskostnad	3 281 198	21 %	2 946 320	21 %	-334 878	1 925 916	14 %
Av og nedskrivning	19 619	0 %	68 450	0 %	48 831	42 656	0 %
Annen Driftskostnad	924 210	6 %	798 307	6 %	-125 903	797 295	6 %
Driftsresultat	-3 330 778	-22 %	-4 871 124	-35 %	1 027 680	3 800 492	27 %
Finansposter	163 388		24 438		138 950	75 787	
Resultat før skatt	-3 167 390		-4 846 686		1 679 296	3 876 279	
Skattekostnad							
Resultat etter skatt	-3 167 390	-21 %	-4 846 686	-34 %	1 679 296	3 876 279	28 %

Utrekning av sjølvkostresultat

	2022		2021	
	Renovasjon	Slam	Renovasjon	Slam
Inntekter	161 475 233	15 347 049	141 075 768	14 024 185
Driftskostnader	139 039 983	18 494 820	121 317 965	10 181 037
Finansposter korrigering				
Direkte driftskostnader	139 039 983	18 494 820	121 317 965	10 181 037
Avskrivings kostnad	13 318 877	19 619	9 403 413	42 656
Kalkulatorisk rente	1 454 211	1 603	634 246	1 192
Direkte kapital kostnader	14 773 088	21 222	10 037 659	43 848
Indirekte kostnader	0	0	0	0
Driftskostnader	14 773 088	21 222	10 037 659	43 848
+/- tap ved salg/utrangering		0	414 472	0
Resultat	7 662 163	-3 168 994	9 305 672	3 799 300
Kostnadsdekning	105,0%	82,9%	107,1%	137,2%
Utjamningsfondfond 1.1.	12 788 576	5 128 394	3 358 793	1 267 027
Bruk/avsetning utjamningsfond	7 662 163	-3 168 994	9 305 672	3 799 300
+/- kalkulert renteinntekt/kostnad utjamningsfond	361 569	125 312	124 112	62 067
Utjamningsfondfond 31.12.	20 812 308	2 084 712	12 788 576	5 128 394
Endring utjamningsfond	8 023 732	-3 043 681	9 429 784	3 861 367

Kalkylerente 2022 er 3,536 % opp frå 1,96 % i 2021.

Anleggsmiddel relatert til husholdningsrenovasjon er 41,1 million kroner og 45344 kroner for slam.

Eventuelle skattekostnader er ikke en del av selvkost.

Fond på sjølvkostområdet

Utjamningsfond er fordelt etter andel av basisinntekt.

Basis inntekt er: Antall abonnenter med e in type abonnement multiplisert med basispris for abonnementet.

For slam er det tatt hensyn til basisabonnement sin tømmeffrekvens og anlegg som blir fakturert basert på m³.

Fond Renovasjon

	Andel av basiskost		Årets resultat	Utjamningsfond	
	31.12.2021	31.12.2022	Utjamningsfond	31.12.2021	31.12.2022
Fjord kommune	3,4 %	3,5 %	278 423	501 207	779 630
Giske kommune	7,1 %	7,1 %	565 673	915 531	1 481 204
Stranda kommune	4,7 %	4,7 %	377 918	635 165	1 013 083
Sula kommune	7,9 %	7,9 %	630 665	946 907	1 577 572
Sykkylven kommune	6,9 %	6,9 %	549 626	921 736	1 471 362
Vestnes kommune	7,6 %	7,6 %	609 001	893 857	1 502 859
Ålesund kommune	62,5 %	62,5 %	5 012 425	7 974 173	12 986 598
Sum	100,0 %	100,0 %	8 023 732	12 788 576	20 812 308

Utjamningsfond fordeles pr kommune basert på andel av totalt basiskostnad i ÅRIM.

Basiskost er antall abonnenter * basispris.

Antall abonnenter er antallet pr type abonnement (140L, samarbeid, 240L, etc)

Fond slam

	Andel av basiskost		Årets resultat	Utjamningsfond	
	31.12.2021	31.12.2022	Utjamningsfond	31.12.2021	31.12.2022
Fjord kommune	8,8 %	8,9 %	-272 105	464 885	192 780
Giske kommune	6,3 %	6,0 %	-181 403	326 285	144 882
Stranda kommune	6,6 %	6,5 %	-196 926	231 072	34 146
Sula kommune	5,1 %	4,2 %	-128 748	204 630	75 882
Sykkylven kommune	17,0 %	16,1 %	-491 250	864 419	373 169
Vestnes kommune	12,1 %	12,4 %	-376 199	502 489	126 290
Ålesund kommune	44,1 %	45,9 %	-1 397 050	2 534 614	1 137 564
Sum	100,0 %	100,0 %	-3 043 681	5 128 394	2 084 712

Utjamningsfond fordeles pr kommune basert på andel av totalt basiskostnad i ÅRIM.

Basiskost er antall registrerte anlegg * basispris for tømming fra ÅRIM pluss inntekter fra anlegg som belastast per m³.

Ett anlegg kan ha flere abonnenter knytt til anlegget.

Forslag til vedtak

Styret i ÅRIM AS godkjenner sjølvkostrekneskapen for 2022.

Øystein Solevåg
Dagleg leiar
Mobil: 40 23 47 05
www.arim.no
bingsa-gjenvinning.no



ÅRIM er miljøsertifisert:



Følg oss på sosiale medier:



Fra: Solveig Kvamme <solveig.kvamme@sksiks.no>

Sendt: torsdag 25. mai 2023 12:34

Til: Øystein Peder Solevåg <ops@arim.no>

Emne: Førespurnad frå Ålesund kontrollutval

Hei

Ålesund kontrollutval hadde i sitt møte 10. mai ein samtale om tematikken sjølvkost og i den forbindelse så skulle gjerne utvalet hatt litt informasjon frå ÅRIM knytt til 2022.

Utvalet bad sekretariatet (det er underteikna som no er sekretær for dette utvalet) om å kontakte ÅRIM for å høre om dette er informasjon som er tilgjengeleg.

Utvalet har eit ynskje om å få tilsendt informasjon frå ÅRIM for rekneskapsåret 2022, om kva for overskot som ligg til grunn for utbetaling av utbyttet til eigarane.

Og om overskotet er knytt til sjølvkostområdet for hushaldsavfall eller om eit eventuelt overskot på sjølvkost vert avsett til sjølvkostfondet.

Håper dette let seg gjere å få oversendt.

På førehand takk. Ta berre kontakt med meg om noko er uklart.

Med venleg helsing

Solveig Kvamme

Rådgivar
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS
Tlf 90 74 13 99
solveig.kvamme@sksiks.no
www.kontrollutval.no

Saksframlegg

Saksnr. Utval
MS 16/23 Ålesund kontrollutval

Møtedato
07.06.2023

Melding om Statsforvaltaren sine tilsyn våren 2023 - spesialundervisning Ålesund kommune

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Bakgrunn:

Det vert gjennomført statleg tilsyn med kommunar på ei rekkje ulike områder. Statleg tilsyn og kommunal eigenkontroll har det til felles at dei skal medverke til at kommunen løyer sine oppgåver innanfor rammene av lover og forskrifter.

Det er nyttig for kontrollutvalet å vere orienterte om kva arbeid som er gjort knytt til statlege tilsyn, slik at dei kan bruke informasjonen inn i eige arbeid.

Der kan vere synergjar og kompetanseoverføring frå eit tilsyn, som kontrollutvalet kan nytte når utvalet skal bestille forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll eller andre kontrollhandlingar

Våren 2023 har Statsforvaltaren i Møre og Romsdal hatt tilsyn med spesialundervisninga ved to skular i Ålesund kommune. Rapporten frå dette tilsynet ligg ved her og Statsforvaltaren har gjeve kommunen frist til byrjinga av september for å svare ut det som er peika på.

Vedlegg

Tilsynsrapport spesialundervisning 2023 - Skodje barneskule

Tilsynsrapport spesialundervisning 2023 - Hessa skule



Tilsynsrapport - vedtak

Skulen sitt ansvar for å planlegge, gjennomføre og følge opp spesialundervisninga

Ålesund kommune – Skodje barneskule

22/4573

Samandrag

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal fører tilsyn med Ålesund kommune og to barneskular i kommunen. Skodje barneskule er ein av skulane vi har sett nærmare på. Temaet for tilsynet er skulen sitt ansvar for å planlegge, gjennomføre og følge opp spesialundervisninga. Formålet med tilsynet er å undersøke om skulen oppfyller krava i regelverket som gjeld desse fasane av spesialundervisninga.

I tilsynet har vi funne at Skodje barneskule og Ålesund kommune ikkje oppfyller krava på alle kontrollområda. Fleire av regelverksbrota som er avdekte, har direkte samanheng med at vedtak om spesialundervisning for mange elevar ikkje er fatta før fleire månader inn i nytt skuleår. Dette trass i at det har ligge føre gjeldande sakkunnig vurdering for dei fleste av desse elevane. Dei same elevane har likevel fått individuell opplæringsplan (IOP) i september, fleire månader før vedtaket er fatta. Skulen har dermed i praksis gitt spesialundervisning frå skulestart i august og fram til vedtak er fatta, på manglande rettsleg grunnlag for fleire av elevane. I tillegg til dette har skulen også problem med å erstatte spesialundervisningstimar som fell bort av andre grunnar enn elevane sitt eige fråvær.

Dei tilsette på skulen formidlar stor omsorg for elevane sine, og det er liten tvil om at dei har som mål å gi ei spesialundervisning som tar omsyn til elevane sitt beste. Likevel har tilsynet konkludert med at skulen ikkje har gode nok rutinar for å ta omsyn til elevane sin rett til å bli høyrde og elevane sitt beste. For å kunne vurdere konkret og individuelt kva som er ein elev sitt beste i spesialundervisninga, må skulen legge vekt på synspunkta til eleven i samsvar med eleven sin alder og modnad. Dette blir i dag ikkje gjort. Svært mange av dei vi intervjuar, uttrykte dessutan tydeleg at rammene som dei den siste tida har arbeidd innanfor, ikkje har gjort det mogleg å gi ei spesialundervisning som er til elevane sitt beste.

Fleire av regelverksbrota blir gjennomgåande forklart med høgt fråvær i personalet og mangel på ressursar/vikarar. Statsforvaltaren ser i tilsynet også eit behov for kompetanseheving på skulen når det gjeld det å utarbeide IOP-ar og årsrapportar.

Kommunen fekk ein førebels tilsynsrapport 15. mars som rektor gav tilbakemelding på 5. april 2023. Tilbakemeldinga frå rektor er tatt inn under kapittel 3.2.2 *Om elevane får det omfanget på spesialundervisninga som er fastsett i vedtaka*. Rektor har også sendt oss dokumentet «Foreløpig plan for å rette avvik Skodje barneskule». Dette dokumentet har vi tatt som ei orientering om korleis skulen planlegg å rette opp i regelverksbrota. Vi har derfor ikkje tatt opplysningar frå dokumentet inn i denne rapporten da dei ikkje utgjer grunnlag for å endre våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar.

I kapittel 4.1 *Pålegg om retting*, har vi endra ordlyden frå førebels tilsynsrapport når det gjeld korreksjonspunkt 1a. Dette for å presisere kva kommunen/skulen må rette opp i.

Vi gjer no vedtak med pålegg om retting. Kommunen har rettefrist til 8. september 2023.

Innhald

1	Innleiing.....	4
1.1	Kort om kommunen.....	4
1.2	Om gjennomføringa av tilsynet.....	4
2	Planlegge spesialundervisninga	5
2.1	Rettslege krav	5
2.2	Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar.....	6
2.2.1	Om skulen utarbeider ein IOP snarast mogleg for alle elevar som har vedtak om spesialundervisning	6
2.2.2	Om IOP-en inneheld ei skildring av korleis spesialundervisninga skal organiserast, og om skildringa er i samsvar med vedtaka.....	7
2.2.3	Om IOP-en inneheld ei skildring av kva innhald spesialundervisninga skal ha, og om skildringa er i samsvar med vedtaka	9
2.2.4	Om IOP-en skildrar avvik frå dei ordinære læreplanane og kva mål elevane skal nå, og om skildringane er i samsvar med vedtaka.....	10
3	Gjennomføre og følge opp spesialundervisninga	12
3.1	Rettslege krav	12
3.2	Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar.....	13
3.2.1	Om spesialundervisninga i praksis har den organiseringa og det innhaldet som vedtaket gir	13
3.2.2	Om elevane får det omfanget på spesialundervisninga som er fastsett i vedtaka .	14
3.2.3	Om dei som gjennomfører spesialundervisninga, har den kompetansen som lova eller vedtaka krev	15
3.2.4	Om skulen ber om nye sakkunnige vurderingar når det er behov for det	16
3.2.5	Om spesialundervisninga er samordna med den ordinære opplæringa	17
3.2.6	Om omsynet til eleven sitt beste er varetatt i gjennomføringa av spesialundervisninga	18
3.2.7	Om skulen utarbeider årsrapport for elevar som får spesialundervisning	19
4	Våre reaksjonar	20
4.1	Pålegg om retting	20
4.2	Oppfølging av pålegga	21
5	De har rett til å klage.....	Feil! Bokmerke er ikke definert.
6	Dokument	23

1 Innleiing

Vi fører tilsyn med offentlege skular, jf. opplæringslova § 14-1 første ledd, jf. kommunelova kapittel 30.

I tilsyn kontrollerer vi om skulane oppfyller opplæringslova med forskrifter.

Våre tilsyn er offentlig myndigheitsutøving, noko som inneber at vi skal gjennomføre tilsynet i samsvar med reglane i forvaltningsretten og offentligelova. I tilsynet behandlar vi personopplysningar. Les meir om vår behandling av personopplysningar på www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/tilsyn/.

1.1 Kort om kommunen

Ålesund kommune har 66 670 innbyggjarar og har 7 491 elevar i grunnskulen skuleåret 2022/2023. Kommunen har 31 skular.

Skodje barneskule er ein 1 – 7-skule som ligg i Skodje i Ålesund kommune. Skulen har 264 elevar.

Statsforvaltaren har merka seg diverse medieoppslag som handlar om at Ålesund har ein pressa kommuneøkonomi og at opplæringssektoren har måtta ta sin del av kutta. Vi har også fått meldingar frå innbyggjarar som uttrykker bekymring til oss for rammene for spesialundervisninga i Ålesund. Ålesund er fylkets største kommune, og vi har valt eit litt større tilsyn med tanke på nettopp det. Vi har derfor valt å føre tilsyn med to barneskular; Hessa skole, som er ein sentrumsskule, samt Skodje barneskule som vart ein del av nye Ålesund kommune i 2020.

1.2 Om gjennomføringa av tilsynet

Vi opna tilsyn med Ålesund kommune i brev 20. september 2022. De vart pålagde å levere dokumentasjon til oss. Vi har fått dokumentasjonen for å gjennomføre tilsynet. Statsforvaltaren har innhenta opplysningar gjennom svar på eigenvurderingar i RefLex, skriftleg dokumentasjon, og intervju med utvalde tilsette ved skulen, elevar og føresette.

Temaet for tilsynet er spesialundervisning. Vi har kontrollert følgande undertema:

1. Planlegge spesialundervisninga, jf. opplæringslova §§ 5-1 og 5-5
2. Gjennomføre og følge opp spesialundervisninga, jf. opplæringslova §§ 5-1 og 5-5

Vi har ikkje sett på korleis de oppfyller andre krav i regelverket.

Formålet med tilsynet er å undersøke om skulen oppfyller krava i regelverket for tilsynstemaet.

Dersom Ålesund kommune og Skodje barneskule ikkje følger regelverket, kan vi pålegge retting.

Det er kommunen som har det overordna ansvaret for at krava i opplæringslova blir gjennomførte, jf. opplæringslova § 13-10. Vi gir derfor eventuelle pålegg i tilsynet til kommunen som har ansvaret for at skulen rettar opp brot på regelverket.

Vi sende førebels tilsynsrapport til dykk 15. mars. I rapporten presenterte vi våre førebelse vurderingar og konklusjonar. Kommunen ved rektor har kommentert innhaldet i den førebelse rapporten innan fristen 5. april. Rektor sin kommentar er tatt inn under «3.2.2 Om elevane får det omfanget på spesialundervisninga som er fastsett i vedtaka.»

2 Planlegge spesialundervisninga

2.1 Rettslege krav

Skulen skal utarbeide ein IOP snarast mogleg for alle elevar som har vedtak om spesialundervisning

De skal utarbeide ein individuell opplæringsplan (IOP) som er innanfor rammene av vedtaket, jf. opplæringslova §§ 5-1 og 5-5. Dersom vedtaket viser til den sakkunnige vurderinga, kan de bygge på den sakkunnige vurderinga når de lagar IOP-en.

IOP-en skal bli utarbeidd så snart som mogleg etter at enkeltvedtaket er fatta. Det kan vere aktuelt å begynne arbeidet med IOP-en noko før, men planen kan ikkje bli ferdigstilt før eit vedtak om spesialundervisning er fatta.

Eit vedtak om spesialundervisning gjeld frå skulestart eller frå det tidspunktet det er fatta, dersom ikkje noko anna er gitt i vedtaket. Formålet med ein IOP er at han skal vere eit arbeidsverktøy som skal ta vare på at elevane får spesialundervisning i tråd med vedtaket.

Kor lang tid de kan bruke på å utarbeide ein IOP, er avhengig av omfanget av og kompleksiteten i saka. Kapasitetsmessige utfordringar som oppstår gjentatte gonger, eller som er av lengre varigheit, vil ikkje vere ein gyldig grunn til at det tar langt tid å utarbeide IOP-ane. Dersom vedtaket for eksempel er fatta før sommarferien, skal IOP-en som hovudregel vere utarbeidd slik at han er klar til skulestart.

IOP-en skal vere i samsvar med vedtaket og vise korleis spesialundervisninga skal vere organisert, kva for innhald ho skal ha og vise eventuelle avvik og individuelle mål for elevane.

Det er vedtaket som fastset rammene for spesialundervisninga. IOP-en skal vere i samsvar med vedtaket og kan ikkje innehalde nye eller andre rettar for eleven enn det som går fram av vedtaket, jf. opplæringslova §§ 5-1 og 5-5.

IOP-en skal beskrive korleis de skal organisere spesialundervisninga, og må i utgangspunktet oppgi kor mykje tid eleven skal bruke på dei ulike organisatoriske løysingane, jf. opplæringslova § 5-5. Dersom vedtaket, med utgangspunkt i den sakkunnige vurderinga, har fastsett at eleven har behov for ei fleksibel organisering, skal dette også bli spegla i IOP-en.

Det må gå tydeleg fram av IOP-en kva det faglege innhaldet i spesialundervisninga skal vere, det vil seie kva for fag eller område eleven skal få spesialundervisning i, jf. opplæringslova § 5-5 første ledd. Avhengig av eleven sitt behov slik det er beskrive i vedtaket og sakkunnig vurdering, skal IOP-en vise for eksempel kva for type opplæring eleven skal få, formålstenlege arbeidsmåtar og pedagogisk metode og tilrettelagde læremiddel. Eventuelle nødvendige tilpassingar av det fysiske miljøet rundt eleven skal også vere beskrivne, dersom det er behov for det.

Dersom vedtaket har fastsett avvik frå dei ordinære læreplanane, må IOP-en vise kva for avvik skulen skal gjere, og kva for fag avvika skal gjelde for, jf. opplæringslova § 5-5 første ledd. IOP-en skal innehalde tydelege og realistiske mål for spesialundervisninga, jf. opplæringslova § 5-5 første ledd. De må formulere eigne mål dersom eleven si opplæring skal avvike frå kompetansemåla i dei ordinære læreplanane.

2.2 Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar

2.2.1 Om skulen utarbeider ein IOP snarast mogleg for alle elevar som har vedtak om spesialundervisning

Observasjonar:

I eigenvurderinga i RefLex har 17 av 18 svart ja på at individuell opplæringsplan (heretter forkorta IOP) alltid blir utarbeidd så snart som mogleg etter at ein har mottatt vedtak. Det kjem fram i kommentar at høgt tidspress og manglande tid avsett til arbeidet med IOP kan gjere at arbeidet vert noko utsett. Det vert også vist til at mange sjukmeldingar og høgt fråvær i kollegiet kan spele inn.

I intervju med tilsette får Statsforvaltaren ulike opplysningar om når ein elev får IOP. Nokre av dei tilsette seier at ein må bli kjent med eleven før ein utarbeider IOP. Andre seier at fristen for å utarbeide IOP er 15. september, medan andre igjen seier at ein tar utgangspunkt i den sakkunnige vurderinga ved utarbeiding av IOP. Nokre av dei tilsette viser til at det må ligge føre eit enkeltvedtak om spesialundervisning før ein utarbeider IOP.

I dei 8 tilsendte elevsakene ser Statsforvaltaren at desse inneheld IOP-ar for den enkelte elev. Fleire av IOP-ane er utarbeidd før enkeltvedtak om spesialundervisning er gjort.

I tilsendte årshjul kjem det fram at IOP skal utarbeidast innan 30. september. I tilsendt dokument "Plan for kartlegging av elevar 1. – 10. trinn» kjem det fram at

«Etter eventuelt sakkunnig vurdering; kontaktlærer/spes.ped.lærer les og går gjennom rapporten, og utarbeidar ein IOP i tråd med sakkunnig vurdering»

Vår vurdering:

Av tilsendt dokumentasjon og i intervju ser Statsforvaltaren at skulen utarbeider IOP-ar for elevar som mottar spesialundervisning. Samstundes ser vi at IOP i fleire saker har blitt utarbeidd *før* vedtak om spesialundervisning er gjort, og at IOP også kan bygge på sakkunnig vurdering åleine.

Eit vedtak om spesialundervisning er eit enkeltvedtak fordi det er bestemmande for rettane og pliktene til bestemte personar, jf. forvaltningslova § 2 første ledd bokstav b. Eit enkeltvedtak utløyser ein rett for den enkelte og ei tilsvarende plikt for den som fattar vedtaket. Til dømes har skulen ei plikt til å gi spesialundervisning dersom ein elev har rett til spesialundervisning.

I forvaltningslova er det stilt fleire krav til kva eit enkeltvedtak skal innehalde. Nokre av krava er at enkeltvedtaket skal innehalde opplysningar om klagerett, klagefrist og framgangsmåte ved klage. Parten sin klagerett er ein sentral rettstryggleiksgaranti. Dersom ein part er ueinig i innhaldet i enkeltvedtaket, eller meiner det bygger på til dømes feil faktum, kan parten klage på vedtaket. Den instansen som har gjort enkeltvedtaket får då høve til å sjå på saka på nytt, og eventuelt endre sitt første vedtak. Dersom parten ikkje får medhald, skal saka sendast til overordna myndigheit for endeleg klagebehandling. I saker om spesialundervisning er Statsforvaltaren klageinstans.

For at parten skal vite kva rettar eller plikter enkeltvedtaket tildeler eller gir pålegg om, er det avgjerande at han eller ho får kjennskap til innhaldet i vedtaket. Det same gjeld for at parten skal kunne nytte klageretten på enkeltvedtaket.

Skulen skal sørge for at eleven/føresette blir underretta om vedtaket så snart som mogleg, jf. forvaltningslova § 27 første ledd første punktum. Det skal også leggjast vekt på om det er viktig for parten å få rask beskjed, jf. note 717 i norsk lovkommentar. Etter Statsforvaltaren si vurdering er det viktig for elevar med spesialundervisning at dei/føresette får rask beskjed, slik at dei veit kva for rettar dei er blitt tildelt eller ikkje. Vedtaket skal innehalde individualiserte vurderingar og opplysningar som parten treng å gjere seg kjent med før oppstart av opplæringa. At skulen utarbeider ein IOP før enkeltvedtaket, er derfor ikkje tilstrekkeleg fordi IOP ikkje har rettsleg verknad for den enkelte eleven. Skulen har høve til å starte arbeidet med ein IOP før enkeltvedtak er gjort, men planen kan ikkje ferdigstillast før enkeltvedtak om spesialundervisning er fatta.

Statsforvaltaren har også merka seg at det i enkelte tilfelle blir utarbeidd IOP basert på grunnlag av sakkunnig vurdering eller vedtak frå førre skuleår, dette også jf. dokumentet «Plan for kartlegging av elevar 1—10 trinn». Dette er det heller ikkje høve til, då det er eit absolutt krav at IOP skal bygge på enkeltvedtak om spesialundervisning.

Konklusjon:

Skulen utarbeider ikkje ein IOP til rett tid for alle elevar som har vedtak om spesialundervisning.

2.2.2 Om IOP-en inneheld ei skildring av korleis spesialundervisninga skal organiserast, og om skildringa er i samsvar med vedtaka

Observasjonar:

I eigenvurderinga svarer 13 tilsette ja på at IOP-en skildrar korleis spesialundervisninga skal organiserast, og kor mykje tid elevane skal ha i klassen, i gruppe, som eineundervisning eller på ein alternativ arena. Tre svarer nei på spørsmålet om dette. To har svart både ja og nei, og kommentert svaret sitt. Begge stadfestar at organiseringa av spesialundervisninga blir skildra i IOP, men viser til at dei i liten grad seier noko om kor mykje tid som skal nyttast på dei ulike

organiseringsformene. På spørsmål om ein i IOP-ane skildrar ei organisering av opplæringa som er i samsvar med vedtaka, svarer 16 tilsette ja. Éin svarer nei, medan éin svarer «Ja, stort sett».

I intervju kom det fram ulike svar på spørsmål om kor vidt IOP-ane inneheld ei skildring av korleis spesialundervisninga skal organiserast. Vi fekk opplyst at organiseringa skal kome fram av IOP-ane, men at det kan variere kor detaljert dette er skrive. Vidare vart det sagt at det kan vere vanskeleg å skrive kor mykje tid eleven skal ha åleine og i klasse fordi det kjem an på eleven sine ønske og behov, og at det derfor er vanskeleg å planlegge. Statsforvaltaren fekk også opplyst at organiseringa stort sett er mykje i grupper med samordning, og at det ikkje er mogleg å gi enkelttimar. Tilsette uttrykte også at det er eit ønske om struktur på spesialundervisninga, men at sjukefråvær, mangel på lærarar og liknande gjer at dette blir vanskeleg.

I tilsendte IOP-ar ser Statsforvaltaren at det blir gitt ei skildring av organiseringa. Statsforvaltaren ser likevel fleire døme på at IOP-ar ikkje er i samsvar med enkeltvedtak, og også døme på at IOP er i samsvar med sakkunnig vurdering men ikkje med enkeltvedtak.

Vår vurdering:

Våre observasjonar frå tilsendte IOP-ar viser altså ei skildring av organiseringa, men skildringa er ikkje alltid i samsvar med vedtaket.

Som tidlegare nemnt ser Statsforvaltaren fleire døme på at IOP blir utarbeidd før enkeltvedtak om spesialundervisning er treft. Enkeltvedtaket skal bygge på den sakkunnige vurderinga som igjen skal munne ut i ein IOP. Ved at IOP blir utarbeidd før enkeltvedtaket, og i nokre tilfelle basert på den sakkunnige vurderinga, vil ein ikkje kunne konkludere med at IOP-en bygger på eit seinare enkeltvedtak som gir rettar for eleven. Ved at IOP blir utarbeidd før enkeltvedtak, er det ein stor risiko for avvik mellom dei to dokumenta. Dette har Statsforvaltaren også funne døme på jf. våre observasjonar ovanfor. At fleire IOP-ar likevel er i samsvar med enkeltvedtaket, vurderer Statsforvaltaren at bygger på tilfeldigheiter og ikkje enkeltvedtaket som i tid har blitt fatta etterpå.

Ein IOP er meint å vere eit arbeidsverktøy for skulen/lærarane i den daglege opplæringa av eleven. IOP-en skal sikre at eleven sitt opplæringstilbod blir i samsvar med det som eleven har rett til etter enkeltvedtaket. Dersom lærarane forhold seg til ein IOP som ikkje bygger på eit enkeltvedtak, er det ein stor risiko for at eleven ikkje får den opplæringa han eller ho har rett på. Barn som mottar spesialundervisning, kan karakteriserast som særskilt sårbare elevar, og det er derfor ekstra viktig at desse barna får den opplæringa og oppfølginga dei har rett på.

Konklusjon:

IOP-ane viser korleis spesialundervisninga skal vere organisert, men skildringa er ikkje alltid i samsvar med vedtaka.

2.2.3 Om IOP-en inneheld ei skildring av kva innhald spesialundervisninga skal ha, og om skildringa er i samsvar med vedtaka

Observasjonar:

I eigenvurderinga har alle svart ja på at ein i IOP skildrar kva for fag eller område elevane skal få spesialundervisning i. Alle har også svart ja på at ein skildrar kva for type opplæring elevane skal få, kva for arbeidsmåtar ein skal nytte, og korleis ein skal legge til rette for elevane når det gjeld pedagogisk metode, læremiddel og utstyr.

I intervju fekk vi opplyst at pedagogane nyttar den sakkunnige vurderinga for å sjå kva innhaldet i IOP-en skal vere, og at planen skal innehalde konkrete mål som skal kunne målast. Vi fekk også opplyst at ein ved utarbeiding av IOP sjekkar sakkunnig vurdering fleire gonger. Vidare fekk vi fortalt at det skal gå tydeleg fram av IOP-en kva for fag eleven skal ha spesialundervisning i. Nokre viser til at fleire elevar kan ha ganske like mål i IOP-en. Dette blir forklart med at elevane jobbar etter den same læreplanen.

I intervju kom det fram at tilsette ikkje får spesifikk opplæring i korleis ein skal skrive IOP. Dei tilsette spør kollegaer dersom dei er usikre på korleis dei skal utforme IOP-en. Nokre tilsette gav uttrykk for at det er behov for opplæring på dette området.

I intervju med skuleleiinga fekk Statsforvaltaren opplyst at IOP-ar nok kan bli utarbeidd nokså ulikt. Korleis IOP-ar skal skrivast har vore oppe som eit tema i kollegiet. Av tilsette som har hatt særskilt ansvar for spesialundervisninga ved skulen, blir det sagt at dei har sett at det har vore stor forskjell i utforming av IOP og i forståing for korleis dei ulike punkta i IOP-malen skal fyllast ut.

I tilsendte IOP-ar ser Statsforvaltaren at det blir gitt ei skildring av innhaldet i spesialundervisninga. I nokre tilfelle har vi funne at innhaldet som er skildra i IOP-en kan avvike noko frå det som står skildra i vedtaket. Vi har mellom anna funne at IOP skildrar at eleven skal ha spesialundervisning i fleire fag enn det som vedtaket gir. Vi har også sett døme på at arbeidsmåtar som er skildra i vedtaket, ikkje er tatt inn i IOP-en. Vidare har vi sett døme på at IOP for inneverande skuleår er nesten heilt identisk med IOP for førre skuleår. I fleire av IOP-ane ser vi at dei individuelle måla til elevane i liten grad er individualiserte og konkretiserte.

Vår vurdering:

Også på dette kontrollpunktet ser vi «følgjefeil» av at IOP i fleire elevsaker er blitt skrivne utelukkande på bakgrunn av den sakkunnige vurderinga, og ikkje utifrå vedtaket om spesialundervisning. Konsekvensane av dette er mellom anna at der er elevar ved skulen som får spesialundervisning i andre fag enn det vedtaket gir.

Ifølge «*Veilederen spesialundervisning*» (Udir 2021) må skulen gjere ei operasjonalisering av kompetansemåla i læreplanen for faget når dei skal skildre innhaldet i spesialundervisninga. Når skulen i IOP-en skal skildre innhaldet i spesialundervisninga, må dei gjere ei operasjonalisering av kompetansemåla i læreplanen for faget. Klassen sine mål og ferdigheiter skal ligge til grunn også for elevar med spesialundervisning. Ein IOP skal skildre kvar det må settast inn særskilte tiltak slik at eleven kan nå kompetansemåla, på lik linje med medelevane i klassen. Måla i ein IOP skal derfor vere utforma slik at dei viser den kompetansen ein tar sikte på at eleven skal opparbeide seg i dei aktuelle faga. Dei skal vere konkrete læringsmål som delmål på vegen mot å oppnå

kompetansemåla i læreplanane for fag. Dei individuelle måla skal også bidra til å auke læringsutbyttet for eleven som ikkje har utbyte av den ordinære opplæringa i faget.

(<https://www.udir.no/laring-og-trivsel/spesialpedagogikk/spesialundervisning/Spesialundervisning/Fase-5/>)

I fleirtalet av IOP-ane vi har sett, er dei individuelle måla meir generelle enn kompetansemåla i læreplanane. Då er ikkje måla operasjonelle og målbare, og kan ikkje sjåast på som delmål mot å oppnå kompetansemåla. Det er dei individuelle måla i IOP-en som vidare vert vurderte i årsrapporten. At dei individuelle måla i liten grad er konkretiserte, vil få konsekvensar også for kvaliteten på evalueringa av eleven si måloppnåing i spesialundervisninga.

Samla sett ser Statsforvaltaren at det er behov for at skuleleiinga legg betre til rette for opplæring i å skrive IOP-ar, slik at dei tilsette får gjort eit godt planarbeid for spesialundervisninga. Det er skuleleiinga som har det overordna ansvaret for å sikre at IOP-ane oppfyller krava i opplæringslova.

Konklusjon:

IOP-ane inneheld ikkje ei tilstrekkeleg skildring av kva for eit innhald spesialundervisninga skal ha, og skildringa av innhaldet er ikkje i samsvar med vedtaka.

2.2.4 Om IOP-en skildrar avvik frå dei ordinære læreplanane og kva mål elevane skal nå, og om skildringane er i samsvar med vedtaka

Observasjonar:

17 tilsette svarer ja og éin svarer nei i eigenvurderinga på spørsmålet om ein i IOP-ane skildrar kva for avvik frå læreplanar og fag elevane skal ha. Det blir kommentert av tilsett at avvik ikkje bestandig blir gjort synleg. Ein annan viser til at avvik blir synleggjort for dei elevane som har heilt andre opplegg enn resten av klassen.

På spørsmål om ein skildrar klart definerte mål for spesialundervisninga i IOP-ane når elevane si opplæring skal avvike frå kompetansemåla i læreplanane, svarer 16 ja, medan 2 svarer nei. 16 tilsette svarer ja på spørsmålet om ein skildrar avvik og individuelle mål i IOP-ane som er i samsvar med vedtaka. Éin svarer «ja, stort sett», medan éin svarer nei.

I intervju kjem det fram at avvik skal kome fram i IOP, og at malen legg opp til å synleggjere avvik. Dersom eleven ikkje har avvik frå læreplanar/fag, vil rubrikken der avvik skal førast inn, bli fjerna. I eit anna intervju kom det fram at klart definerte og individuelle mål vil bli synleggjort i IOP-en. På spørsmål om det kan finnast tilfelle der elevane i praksis jobbar etter andre kompetansemål enn resten av klassen, fekk vi opplyst at der er ein elev som har avvik og jobbar etter andre mål. Dette står skildra i IOP. Vi fekk i intervju også opplyst at malen legg opp til at store avvik skal førast inn. På spørsmål om kva som er eit stort avvik, fekk vi til svar at ein ikkje hugsar kva som står i malen, og at denne er skifta ut veldig ofte.

Også skuleleiinga viser til at der er eit eige punkt i IOP-malen der avvik skal førast inn. Leiinga peika på at dei sakkunnige vurderingane kan seie at eleven skal ha lågare kompetansemål, men

samtidig følge læreplanen for trinnet sitt. Dette gjer at skulen kan bli usikker på om det dreier seg om avvik eller ikkje, men at det i praksis nok eigentleg er eit avvik. I slike samanhengar er skulen ikkje tydeleg nok, uttrykker skuleleiinga. Vidare blei det opplyst at der er elevar som har avvik frå læreplan, men at dette ikkje er skrive inn i alle vedtak eller IOP-ar.

I tilsendte IOP-ar er det ikkje skrive inn avvik frå kompetansemål, men vi har funne i éin IOP at ein elev i praksis har avvik. Under «organisering» i faget matematikk står det skildra at eleven ikkje følger trinnet sin faglege progresjon i matematikk. Eleven arbeider etter kompetansemål på 2. og 3. trinn, men er elev på eit langt høgare trinn. Det er ikkje gitt avvik frå læreplan i vedtaket om spesialundervisning for denne eleven.

Vår vurdering:

Læreplanverket for Kunnskapsløftet gjeld også for spesialundervisning. Det kan likevel vere behov for å gjere avvik frå læreplanverket ved spesialundervisning. Dersom det er behov for større eller mindre avvik frå kompetansemåla i Læreplanverket for Kunnskapsløftet, må det gå fram av enkeltvedtaket om spesialundervisning. Avviket skal vere basert på den sakkunnige vurderinga. Eleven sin IOP må også utdjupe dette ytterlegare.

I dei tilsendte IOP-ane kom det ikkje fram at det formelt var gjort avvik frå ordinære læreplanar. I saka vi viste til der eleven jobbar etter kompetansemål i matematikk langt under det trinnet eleven går på, blir avviket nokså bortgøymt i IOP-en når dette berre er skildra under «organisering», og ikkje definert som eit avvik. Avviket som blir gjort i praksis, er ikkje i samsvar med vedtaket om spesialundervisning for den same eleven.

Ifølge tilsette inneheld IOP-malen ein rubrikk der «store avvik» skal førast inn. Dersom eleven ikkje har avvik, vert rubrikken fjerna. Kva som vert definert som «store» avvik fekk Statsforvaltaren ikkje noko eintydig svar på i intervjuet. Ved at malen legg opp til at berre «store» avvik skal førast inn, ser Statsforvaltaren at det er ein risiko for at terskelen blir for høg for kva tid eit avvik skal skrivast inn i IOP-en, og at vurderinga blir for skjønnsmessig. Alle avvik frå ordinære læreplanar skal kome fram av IOP-en, og planen skal vise mål for og innhaldet i opplæringa.

Statsforvaltaren har ikkje mange nok observasjonar og tilstrekkeleg grunnlag for å konkludere med at skulen ikkje har praksis med å skildre avvik frå dei ordinære læreplanane og kva mål elevane da skal nå. Likevel kan vi heller ikkje på dette punktet konkludere med at skildringa av avvik er i samsvar med vedtaket når mange IOP-ar er skrivne før enkeltvedtaket om spesialundervisning. Det er viktig at skulen har klare rutinar for å sjekke at alle avvik frå læreplanane blir gjort synlege, og at avvik alltid er i samsvar med vedtaka.

Konklusjon:

Det er godtgjort at IOP-ane skildrar avvik frå dei ordinære læreplanane og kva mål elevane skal ha.

Det er ikkje godtgjort at skildringane av avvik og kva mål elevane skal nå, er i samsvar med enkeltvedtaket.

3 Gjennomføre og følge opp spesialundervisninga

3.1 Rettslege krav

Skulen skal gjennomføre spesialundervisninga i samsvar med vedtaket og IOP-en

Spesialundervisninga skal bli sett i gang frå vedtaksdato eller frå den datoen vedtaket bestemmer, jf. opplæringslova § 5-1.

Organiseringa, innhaldet og omfanget av spesialundervisninga skal vere slik det er fastsett i vedtaket, jf. opplæringslova §§ 5-1 og 5-5. Spesialundervisningstimar som har falle bort av andre grunnar enn eleven sitt eige fråvær skal erstattast så langt det er pedagogisk forsvarleg, jf. opplæringslova §§ 5-1 og 5-5. Elevar med spesialundervisning skal ha det same totale timetalet som andre elevar, med mindre vedtaka seier noko anna, jf. opplæringslova § 5-1. De kan ikkje endre organiseringa av, innhaldet i eller omfanget av spesialundervisninga utan at det ligg føre eit nytt vedtak og ein ny IOP.

Dei som gjennomfører spesialundervisninga, må ha den kompetansen som lova eller vedtaka krev. Dersom assistentar eller andre ufaglærde skal bidra i gjennomføringa av spesialundervisninga, må dei få nødvendig rettleiing av ein lærar som oppfyller krava til kompetanse i faget, jf. opplæringslova § 10-11.

Spesialundervisninga skal bli gjennomført slik at eleven sitt beste blir tatt vare på, jf. barnekonvensjonen artikkel 3. Eleven må få tilpassa og tilstrekkeleg informasjon og høve til å uttale seg, jf. barnekonvensjonen artikkel 12. De må vektlegge eleven sine synspunkt i samsvar med alder og modnad.

Dersom perioden for den sakkunnige vurderinga er gått ut, eller de vurderer at eleven sitt behov for spesialundervisning er endra, skal de be om ei ny sakkunnig vurdering frå PPT, jf. opplæringslova § 5-3 første ledd.

Skulen må samordne elevane si spesialundervisning med den ordinære opplæringa, jf. opplæringslova §§ 5-1 og 5-5. Tilsvarande må skulen gjennomføre spesialundervisninga og den ordinære opplæringa slik at ho samla dekker dei individuelle opplæringsmåla, jf. opplæringslova §§ 5-1 og 5-5.

Skulen skal utarbeide ein årsrapport for alle elevar som får spesialundervisning

De skal kvart år utarbeide ein skriftleg rapport for alle elevar som får spesialundervisning, jf. opplæringslova § 5-5. Rapporten skal ta utgangspunkt i IOP-en for eleven og vise kva for opplæring eleven har fått. De skal vurdere utviklinga til eleven ut frå måla i IOP-en, enten eleven har hatt eigne mål eller har hatt opplæring i måla i den ordinære læreplanen.

De skal snakke med eleven om kva som skal vere innhaldet i årsrapporten, jf. barnekonvensjonen artikkel 12. De må legge samtalen til rette slik at eleven ikkje opplever samtalen som ei byrde, og får moglegheit til å uttrykke sitt syn.

Skulen skal sende årsrapporten til elevar over 15 år, til foreldra til elevar under 18 år og til kommunen.

3.2 Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar

3.2.1 Om spesialundervisninga i praksis har den organiseringa og det innhaldet som vedtaket gir

Observasjonar:

Alle som har svart på eigenvurderinga stadfestar at dei set i gang spesialundervisninga frå vedtaksdato eller frå den datoen vedtaket bestemmer. Berre éin tilsett svarer nei på at dei organiserer spesialundervisninga i samsvar med vedtaka. Alle svarer ja på at dei gir spesialundervisninga eit fagleg innhald som er i samsvar med vedtaka. Der er tre kommentarar som skildrar at ressursmangel eller fråvær i personalgruppa kan medføre endringar i innhald eller organisering.

I ei av gruppene vi intervjuar, vart det opplyst at dei set i gang spesialundervisninga når samtykke, vedtak og IOP er på plass. Men i haust vart det gitt spesialundervisning utan at eleven hadde fått enkeltvedtak. Andre svarer at spesialundervisninga blir sett i gang så snart «kabalen» for skuleåret er lagt, og at ein har eit ønske om å kome i gang så tidleg som mogleg. Dei fleste elevane har eit opplegg frå skuleåret før som blir vidareført inntil nye planar er på plass, opplyste ein tilsett.

Det kom fram i intervjuar at ein prøver å gi spesialundervisninga ei organisering og eit innhald som er i samsvar med vedtaka. Likevel har nokre elevar hatt store avvik frå vedtaket. Dette blir forklart med at lærarar som skal gi spesialundervisning har blitt brukt i den ordinære undervisninga ved fråvær. Stramme budsjett gjer at ein ikkje får sett inn vikarar ved sjukefråvær. Når spesialundervisninga fell bort for enkeltelevar, prøver dei tilsette å følge opp desse elevane tettare i den ordinære opplæringa. Stort fråvær i personalet har medført at enkelte elevar møter mange ulike vaksne som står for gjennomføringa av spesialundervisninga. Dette går vidare utover innhaldet og kontinuiteten i opplæringstilbodet, ifølgje ein tilsett. Det blir også opplyst at ein av og til må slå saman grupper med elevar som har spesialundervisning, og at det har vore mykje av dette i inneverande skuleår. Nokre meiner at samordning av spesialundervisninga til fleire elevar kan sjå bra ut på papiret, men at det ikkje alltid er vellykka i praksis.

Vår vurdering:

I «[Veilederen spesialundervisning](#)» frå Utdanningsdirektoratet (2021) er følgande uttalt:

«(...) Det er i strid med opplæringsloven å gi elever tilrettelagt opplæring eller avvik fra Læreplanverket som følger av kravet om tilpasset opplæring uten at det er fattet et enkeltvedtak.

Skolen kan ikke begynne å bruke en IOP overfor en elev før det er fattet et enkeltvedtak som gir eleven rett til spesialundervisning. Dette gjelder også for elever som er under utredning. Det hjelper ikke at foreldrene samtykker til at en foreløpig IOP skal brukes. (...)»

Skulen skal setje i gang med spesialundervisninga frå vedtaksdato eller frå den datoen vedtaket bestemmer. Dette skuleåret har skulen sett i gang spesialundervisninga fleire månader før det ligg føre eit gyldig vedtak om spesialundervisning for fleire av elevane. Dette er i strid med

opplæringslova. På bakgrunn av dette må vi også slå fast at skulen ikkje har gitt spesialundervisning med ei organisering og eit innhald som samsvarer med vedtaka.

Konklusjon:

Skulen set ikkje i alle tilfelle i gang med spesialundervisning frå vedtaksdato eller frå den datoen vedtaket bestemmer.

Skulen gir ikkje spesialundervisninga med ei organisering og eit innhald som er i samsvar med vedtaka.

3.2.2 Om elevane får det omfanget på spesialundervisninga som er fastsett i vedtaka

Observasjonar:

I eigenvurderinga i RefLex svarer dei fleste tilsette ja på at elevane får det timetalet på spesialundervisninga som vedtaka gir. Samtidig er det fleire som svarer at spesialundervisninga av og til går ut ved sjukefråvær i personalet, fordi dei da manglar ressursar. Det er også ein del som trekker fram at samordninga av spesialundervisninga til fleire elevar kan vere krevjande, og at dette kan medføre at elevane i realiteten får færre timar enn det som er fastsett i vedtaket. I årsrapporten til nokre av elevane står det at timetalet på spesialundervisning har variert frå veke til veke grunna stort fråvær på skulen og bemanningssituasjonen.

Svara i eigenvurderinga og i intervju tilseier at skulen sjeldan får erstatta spesialundervisningstimar som har falle bort av andre grunnar enn eleven sitt eige fråvær. I dei fleste svara blir også dette forklart med knappe ressursar og høgt sjukefråvær. Skulen har nyleg innført eit skjema til registrering av bortfall av spesialundervisning. Skjemaet er knytt til enkeltelevar, og legg opp til at årsaka til bortfallet også skal registrerast. Dei tilsette skal i tillegg skildre korleis skulen kan kompensere for den tapte spesialundervisninga. Skjemaet skal arkiverast i elevmappa ved slutten av skuleåret. I intervju med dei tilsette fekk vi opplyst at fleire hadde begynt å ta skjemaet i bruk. På spørsmål frå oss om kva skjemaet vidare skal nyttast til, fekk vi ikkje eintydige svar frå dei tilsette. Nokre tilsette har ført oversikt over tapte timar med spesialundervisning tidlegare, men det har vore på eige initiativ og ikkje som følge av at dette er ei rutine som skulen har.

Informasjon frå eigenvurderinga og intervju tilseier at skulen legg timeplanane slik at elevane skal ha det same totale timetalet som andre elevar i alle fag. Ein prøver å unngå å ta ut elevar frå det faget som klassen har, for å gi spesialundervisning i eit anna. Men nokre tilsette fortel at det kan skje avvik frå dette. Nokre grunngir dette med at det er ei utfordring å få kabalen til å gå opp når ein til dømes har spesialpedagogar som jobbar på fleire årstrinn.

Vi har sett døme på elevtimeplanar som kan tyde på at ein eller to elevar i del av ein time får spesialundervisning i eit anna fag enn det som resten av klassen har.

Vår vurdering:

Informasjonen frå dei tilsette ved skulen gir eintydig informasjon om at stort fråvær i personalet fører til at elevar mister timar med spesialundervisning, og at skulen i svært liten grad greier å ta igjen desse timane. Vi legg derfor til grunn at der er elevar ved skulen som ikkje får like mange timar med spesialundervisning som dei har krav på. Det er bra at skulen i samband med tilsynet har begynt å føre oversikt over spesialundervisningstimar som fell bort. Korleis informasjonen i skjemaet vidare blir følgt opp, har vi ikkje fått noko svar på. Skulen har ikkje klare rutinar for å sørge for at spesialundervisningstimane blir tatt igjen når bortfallet skuldast andre grunnar enn elevane sitt eige fråvær.

Elevar med spesialundervisning skal ha det same totale timetalet som andre elevar i alle fag, med mindre det er gjort unntak i vedtaka. Vi har sett eit par individuelle timeplanar som kanskje tyder på at timetalet i enkelte fag ikkje stemmer heilt. Vi har samtidig ikkje mange nok slike observasjonar til at vi kan konkludere med regelverksbrot når vi ser informasjonen opp imot det vi så eintydig fekk opplyst i intervjuet. Det er likevel viktig at skulen kontrollerer dette og sørger for at *alle* elevane med spesialundervisning får riktig timetal i alle fag.

Tilbakemelding frå rektor på førebels tilsynsrapport:

«Det kan virke som om vi ikke klarer å dekke opp behovet for spesialundervisning på grunn av økonomi. Det stemmer ikke helt. Årsaken til at vi ikke klarer å ta igjen tapt spesialundervisning er at vi ikke får inn vikarer til å ta disse timene. Derfor blir det avvik det er umulig å tette, og det hadde da ikke hjulpet stort med mer penger.»

Vi ser rektor sitt behov for å presisere dette, og for å få denne opplysninga inn i rapporten. Vår vurdering av dette kontrollpunktet blir likevel ståande.

Konklusjon:

Skulen gir ikkje spesialundervisning i det omfanget som er fastsett i vedtaka.

Det er godtgjort at skulen gir elevar med spesialundervisning det same totale timetalet som andre elevar, med mindre vedtaka seier noko anna.

3.2.3 Om dei som gjennomfører spesialundervisninga, har den kompetansen som lova eller vedtaka krev

Observasjonar:

Om lag ein tredel av dei som har gjort eigenvurdering i RefLex svarer nei på at dei som gir spesialundervisning, har den kompetanse som lova eller vedtaka krev. Men det går fram av kommentarane at nokre av dei trur at lova krev at det er spesialpedagogar som gjennomfører spesialundervisninga. Svaret frå leiargruppa er at det i nokre tilfelle er slik at fagarbeidar gjennomfører delar av spesialundervisninga, men då under rettleiing av pedagog/kontaktlærar, som har det overordna ansvaret for den enkelte eleven. Nesten ein tredel svarer også nei på at

skulen sørger for at assistentar og andre ufaglærte som bidrar i gjennomføringa av spesialundervisninga, får nødvendig rettleiing av kompetente lærarar. Dette blir grunnlagt med for lite tid til samarbeid og at ting kan endre seg på kort varsel. Ein av dei som svarer ja på spørsmålet, skildrar likevel for lite tid til samarbeid. Ein annan skriv at dei snakkar mykje saman i løpet av skulekvardagen, og at ein slik sett får tips og hjelp frå kvarandre.

I intervju med dei tilsette blir det av fleire sagt at fagarbeidarar ikkje blir sett til å gjennomføre spesialundervisninga på fast basis. Det kan derimot bli gjort ved fråvær i personalet. Ein annan formidlar at rolla til fagarbeidarane opp imot enkeltelevar ikkje alltid er tydeleg definert for dei ulike timane. Skiljet mellom oppfølging innanfor den ordinære undervisninga og gjennomføring av spesialundervisning blir derfor noko uklart. Nokre av dei tilsette stadfestar i intervju at fagarbeidarane får den rettleiinga som er nødvendig dersom dei skal hjelpe til i gjennomføringa av spesialundervisninga. Enkelte skildrar at dei har fått avsett fast tid til slikt samarbeid. Andre fortel at det ikkje i alle enkeltsaker blir gitt direkte rettleiing til fagarbeidarane.

I tilsendt dokumentasjon har vi funne eit par døme på at det som står skildra om kompetanse i IOP ikkje heilt samsvarer med vedtaket om spesialundervisning.

Vår vurdering:

Intervjua på tilsynsdagen gav oss inntrykk av at enkelte tilsette er noko usikre på kva rolle dei formelt har knytt til spesialundervisninga. Dette gjeld spesielt dei som ikkje er pedagogar. Nokre fagarbeidarar opplyser at dei får god rettleiing frå pedagogar når dei skal følge opp enkeltelevar, medan andre uttrykker at dei ikkje får direkte rettleiing. Dei samla observasjonane gjer det likevel godtgjort at dei som har hovudansvaret for gjennomføringa av spesialundervisninga, har den kompetansen som lova eller vedtaka krev.

Vi har ikkje grunnlag for å konkludere med at assistentar og andre ufaglærte ikkje får nødvendig rettleiing av kompetente lærarar, sidan nesten alle elevane med spesialundervisning blir undervist av pedagog i alle timar. Vi vurderer derfor at opplysningane som kan tilseie at fagarbeidarane får mangelfull rettleiing, heller kan setjast i samanheng med mangelfull rolleavklaring.

Konklusjon:

Dei som gir spesialundervisning, har den kompetansen som lova eller vedtaka krev.

Skulen sørger for at assistentar og andre ufaglærte som bidrar i gjennomføringa av spesialundervisning, får nødvendig rettleiing av kompetente lærarar.

3.2.4 Om skulen ber om nye sakkunnige vurderingar når det er behov for det

Observasjonar:

I eigenvurderinga er det berre éin som svarer nei på at skulen ber PPT om nye sakkunnige vurderingar dersom eleven sine behov endrar seg. Også informasjonen vi fekk i intervjua viser at skulen ber om nye sakkunnige vurderingar ved behov. Nokre kontaktlærarar har tatt direkte

kontakt med PPT for ny sakkunnig vurdering. Andre har meldt frå om behovet til skuleleiinga. Fleire nemner at dette er langvarige prosessar på grunn av lange ventelister hos PPT.

Informasjon i skulen sin dokumentasjon og frå føresette viser at skulen har bedt om eller planlegg å be om ny sakkunnig vurdering frå PPT i enkelte saker.

Vår vurdering:

Alle observasjonane peikar mot at skulen har ein praksis som er i tråd med lovverket på dette punktet.

Konklusjon:

Skulen ber PPT om nye sakkunnige vurderingar dersom elevane sine behov endrar seg.

3.2.5 Om spesialundervisninga er samordna med den ordinære opplæringa

Observasjonar:

Eit stort fleirtal svarer ja i eigenvurderinga på at spesialundervisninga er samordna med den ordinære opplæringa. Det same gjeld spørsmålet om spesialundervisninga og den ordinære opplæringa samla sett dekkjer dei individuelle opplæringsmåla i IOP-ane.

I intervju fekk vi fortalt at elevar med spesialundervisning som oftast følger same tema og progresjon som resten av klassen, men at dei kan tilpasse i spesialundervisninga med til dømes forenkling av oppgåver og parallellbøker i til dømes matematikk. Derfor jobbar også elevane med spesialundervisning i stor grad mot dei same måla som resten av klassen. Ei av gruppene vi intervjuar skildra eit godt samarbeid med faste møtepunkt mellom dei som jobbar på same trinnet med ordinær undervisning og spesialundervisning. Dei samordnar når dei til dømes begynner med nytt tema i eit fag. Fleire pedagogar forklarar at spesialundervisninga vert planlagt parallelt med den ordinære undervisninga.

Vår vurdering:

Faste møtepunkt for koordinering mellom lærarane godtgjer at spesialundervisninga ved skulen er samordna med den ordinære opplæringa. Informasjonen som pedagogane gir om korleis dei samordnar, er eintydig, og gir inntrykk av ei felles forståing for korleis dette skal gjerast i praksis. Måten skulen samordnar på er også eigna til å sikre at opplæringa samla dekkjer alle dei individuelle opplæringsmåla til elevane med spesialundervisning.

Konklusjon:

Skulen samordnar gjennomføringa av elevane si spesialundervisning med den ordinære opplæringa.

Skulen gjennomfører spesialundervisninga og den ordinære opplæringa slik at dei til saman dekkjer opplæringa i dei individuelle opplæringsmåla.

3.2.6 Om omsynet til eleven sitt beste er varetatt i gjennomføringa av spesialundervisninga

Observasjonar:

I eigenvurderinga svarer 19 av 22 ja på at dei gjennomfører spesialundervisninga slik at eleven sitt beste er varetatt. På tilsynsdagen vart det derimot svart nei på det same spørsmålet frå eit klart fleirtal av dei tilsette. Det blir peika på lite ressursar og innkjøpsstopp som hinder for å oppfylle dette. Fleire viser til at samordning av fleire elevar si spesialundervisning ikkje alltid fungerer til den enkelte eleven sitt beste. Også høgt sjukefråvær som medfører bortfall av spesialundervisningstimar vert nemnt av mange som årsak til at eleven sitt beste ikkje vert godt nok varetatt. Skulen får ikkje sett inn vikarar ved sjukefråvær, men må omdisponere ressursane. Då er det fort spesialundervisninga som fell bort først. Ustabilitet som følge av sjukefråværet har skapt usikkerheit hos elevane, blir det også uttrykt. I eitt av intervjuet vart det sagt at det dette skuleåret har vore elevar som ikkje har fått det dei skal ha innanfor spesialundervisninga. Enkelte viser også til at dei ikkje har nok tid til å gi tilstrekkeleg rettleiing til elevar som til dømes har fått tildelt kompensatoriske hjelpemiddel.

Om lag ein tredel svarer nei på at dei lar eleven få uttale seg om gjennomføringa av spesialundervisninga. Fleire kommenterer svaret med at det er for vanskeleg for dei yngste elevane å uttale seg om spesialundervisninga. Leiargruppa skriv at dei meiner at eleven si stemme med tanke på kva som fungerer i spesialundervisninga, skal bli høyrd. Skuleleiinga legg til at skulen på det jamne bør bli meir medvitne og tydelege på dette. Det går fram av intervjuet at dei tilsette ikkje har rutinar for å la elevane få uttale seg spesifikt om spesialundervisninga. Nokre fortel at dei først og fremst snakkar med foreldra til eleven om spesialundervisninga. Dei må likevel av og til ta ein prat med elevane om kvifor dei har spesialundervisning, men at dette ikkje er noko som blir planlagt eller gjort med jamne mellomrom.

Informasjon frå samtalar med elevar med spesialundervisning og deira føresette tilseier at omsynet til kva som er best for eleven ikkje blir tilstrekkeleg varetatt.

Vår vurdering:

Når skuleleiinga svarer at skulen må bli meir medvitne og tydelege på at eleven skal få uttale seg, vurderer vi det som sannsynleg at skulen ikkje har gode nok rutinar for å ta omsyn til eleven sin rett til å bli høyrd, og dermed eleven sitt beste. Kva som er til eleven sitt beste i spesialundervisninga, skal vurderast konkret og individuelt. Elevane har ein rett til å uttale seg om alle forhold som gjeld dei sjølv dersom dei sjølv ønsker det. Sjølv om eleven kanskje ikkje har meiningar om alle sider ved spesialundervisninga, skal skulen gi eleven høve til å gi uttrykk for synspunkta sine. Skulen skal vidare legge vekt på synspunkta til eleven i samsvar med eleven sin alder og modnad når dei vurderer kva som er til hans eller hennar beste.

I intervjuet på tilsynsdagen formidla dei tilsette stor omsorg for elevane sine, og det er liten tvil om at dei har som mål å gi ei spesialundervisning som tar omsyn til elevane sitt beste. Det som likevel kom fram i intervjuet, var ei nokså samstemt erkjenning om at høgt fråvær i personalet og knappe ressursar har medført ein god del bortfall av spesialundervisningstimar. I neste omgang har det ført til mangel på stabilitet som skaper usikkerheit for nokre av elevane.

Enkelte elevar som får spesialundervisning, kan som følge av til dømes lærevanskar og diagnoser vere særskilt sårbare elevar. Gjennom enkeltvedtaka har elevane fått rett til eit *minstekrav* for at

opplæringstilbodet skal bli forsvarleg. Når spesialundervisningstimar da fell bort, kan det føre til at eleven sitt opplæringstilbod ikkje lenger er forsvarleg. Slike forhold kan i neste omgang forsterke sårbarheita til enkelte av elevane, og i verste fall føre til tilleggsvanskar. Dei samla observasjonane på dette punktet peikar klart mot at skulen/kommunen ikkje tar tilstrekkeleg omsyn til elevane sitt beste i gjennomføringa av spesialundervisninga.

Konklusjon:

Skulen gjennomfører ikkje spesialundervisninga slik at barnet sitt beste blir varetatt.

3.2.7 Om skulen utarbeider årsrapport for elevar som får spesialundervisning

Observasjonar:

Alle svara i eigenvurderinga stadfestar at skulen utarbeider årsrapportar kvart år for alle elevar som har vedtak om spesialundervisning.

I årshjulet som skulen har for spesialundervisninga går det fram at 1. juni er den interne fristen for at årsrapporten skal vere ferdig. For elevar som er tilviste på nytt til PPT, har skulen frist 1. februar for å gjere ferdig årsrapporten.

Det er utarbeidd årsrapport på slutten av skuleåret for alle elevane som vi har sett elevmappa til. Det blir vidare stadfesta i eigenvurderinga at årsrapportane gir ei oversikt over opplæringa elevane har fått og ei vurdering av utviklinga til elevane ut frå måla i IOP-ane.

Årsrapportane som vi har sett, skildrar arbeidsmåtar i faga som er identiske med IOP. Det blir ikkje vist til kva som eventuelt ikkje er gjennomført av det som står i IOP. Det er i liten grad vurdert korleis arbeidsmåtene har fungert. Vurdering av grad av måloppnåing er gjort i svært liten grad i dei fleste årsrapportane vi har sett. Behov for anna organisering eller større omfang blir derimot skildra i rapporten. Vi har sett døme på at ein elev ikkje har fått noko vurdering i eitt av faga som er skildra i IOP, og som eleven har fått vedtak om spesialundervisning i.

Berre éin tilsett svarer ja i eigenvurderinga på at dei snakkar med elevane om kva som skal vere innhaldet i årsrapporten, både når det gjeld kva slags opplæring elevane har fått og vurderinga av eleven si utvikling ut frå IOP-måla. Leiargruppa skriv at skulen her jamt over har eit forbettringspotensial, både med tanke på fokus og praksis. Fleire tilsette kommenterer at dei har elevar som er for unge til å kunne uttale seg om kva som skal vere innhaldet i årsrapporten. Ein av kommentarane skildrar at desse punkta blir snakka om på utviklingssamtalar der eleven er med saman med føresette.

Både i eigenvurdering og i intervju stadfestar eit stort fleirtal at føresette til elevane får årsrapporten tilsendt kvart år. Vi fekk opplyst i intervju at årsrapportane blir arkiverte i elevmappa til den enkelte eleven. I årsrapportane som vi har fått tilsendt, står det at kopi vert sendt til foreldre/elev og til kommunen v/fagstab opplæring.

Vår vurdering:

Skulen har klare rutinar og praksis for at det vert skrive årsrapport på slutten av skuleåret. Men slik vi forstår skulen sitt årshjul, får dei elevane som blir tilvist PPT på nytt, ein årsrapport rundt 1. februar. Dette vil medføre at desse elevane ikkje får ei evaluering av opplæringa for vårhalvåret. Vi vurderer det slik at det først er på slutten av skuleåret at ein kan ta stilling til kor vidt eleven har nådd alle opplæringsmåla sine og om opplæringstilbodet samla sett har gitt eit forsvarleg utbytte for eleven. Desse elevane vil derfor ikkje få ein årsrapport som er fullstendig.

Vi har tidlegare vist til at dei individuelle måla i IOP-ane vi har sett, er svært generelle og overordna. Dei same måla er dei som vert evaluerte i årsrapportane. Vi vurderer at det blir vanskeleg for skulen å gjere ei konkret vurdering av måloppnåing når måla blir for generelle. Vidare gir årsrapporten for lite konkret informasjon å bygge vidare på i planlegginga av nytt skuleår og utarbeiding av ny IOP.

Eleva skal trekkast aktivt med i vurderinga av både trivsel, læring og utvikling. Å involvere elevane direkte i evalueringa av spesialundervisninga, vil vere ein naturleg del av dette. Dette har skulen ikkje rutinar for å gjere. Når eleven sitt syn på spesialundervisninga ikkje er undersøkt, og heller ikkje synleggjort i årsrapporten, er rapporten mangelfull.

Konklusjon:

Skulen utarbeider ikkje ein fullstendig årsrapport for eleva som får spesialundervisning.

Skulen sender årsrapportane til foreldra og kommunen.

4 Våre reaksjonar

4.1 Pålegg om retting

I kapitla ovanfor har vi konstatert at de ikkje oppfyller regelverket på alle område. Det er kommunen som er ansvarleg for at skolen blir driven i samsvar med regelverket, jf. opplæringslova § 13-10. Vi pålegg dykk å rette opp følgjande, jf. kommunelova 30-4:

Planlegge spesialundervisninga

1. Kommunen må sørge for at skulen utarbeider individuelle opplæringsplanar som er i samsvar med enkeltvedtaket, jf. opplæringslova §§ 5-1 og 5-5. Kommunen må i samband med dette sjå til at skulen:

- a) utarbeider IOP-ar til rett tid for alle eleva som har vedtak om spesialundervisning.
- b) sørger for at IOP-ane skildrar korleis skulen skal organisere spesialundervisninga, og at skildringa av organiseringa er i samsvar med vedtaka.
- c) sørger for at IOP-ane skildrar kva for eit innhald spesialundervisninga skal ha, og at skildringa av innhaldet er i samsvar med vedtaka.

- d) sørger for at IOP-ane skildrar avvik frå dei ordinære læreplanane og kva mål elevane skal nå, og at skildringa er i samsvar med vedtaka.

Gjennomføre og følge opp spesialundervisninga

2. Kommunen må sørge for at skulen gjennomfører spesialundervisninga i samsvar med vedtaket, jf. opplæringslova §§ 5-1, 5-3 og 5-5. Kommunen må i samband med dette sjå til at skulen:

- a) set i gang med spesialundervisning frå vedtaksdato eller frå den datoen vedtaket bestemmer.
- b) gir spesialundervisninga med ei organisering og eit innhald som er i samsvar med vedtaka.
- c) gir spesialundervisning i det omfanget som er fastsett i vedtaka.
- d) gjennomfører spesialundervisninga slik at barnet sitt beste er tatt i vare.
- e) utarbeider fullstendig årsrapport for alle elevar som får spesialundervisning.

4.2 Oppfølging av pålegga

De skal setje i verk tiltak for å rette brot på regelverket straks. Når pålegga er retta, skal de erklære at rettinga er gjennomført og gjere greie for korleis de har retta.

Fristen er 8. september 2023. Vi vil ikkje avslutte tilsynet før de gjennom erklæringa og utgreiinga har vist at pålegga er retta.

Tilsynsrapporten er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2 bokstav b. De kan klage på enkeltvedtaket.

Dersom de klagar, må de gjere det innan tre veker. Fristen gjeld frå beskjed om at brevet har kome fram til dykk, jf. forvaltningslova §§ 28 og 29. De sender klagen til oss. Vi har høve til å omgjere vedtaket. Dersom vi ikkje er einige med dykk, sender vi klagen til Utdanningsdirektoratet som avgjer saka.

I forvaltningslova § 32 kan de sjå korleis de skal utforme klagen.

De kan be om at vi ikkje set i verk vedtaket før klagefristen er ute, eller klagen er endeleg avgjort av Utdanningsdirektoratet, jf. forvaltningslova § 42.

De er part i saka og har rett til innsyn i saksdokumenta, jf. forvaltningslova § 18.

Molde, 25. april 2023

Kristin Sundsbø, tilsynsleiar

Gro-Malén Skorgenes, seniorrådgivar

5 Dokument

Følgande dokument vart nytta under gjennomføringa av tilsynet:

- eigenvurderingar gjort av tilsette i RefLex
- klasstimeplanar
- timeplanar for enkeltelevar med spesialundervisning
- sakkunnige vurderingar frå PPT
- vedtak om rett til spesialundervisning
- individuelle opplæringsplanar (IOP)
- årsrapportar
- årshjul, spesialundervisning for Valle skule og Skodje barneskule skuleåret 22/23.
- PPT 6-16 Førmeldingsfase «to be».
- Meldeskjema Pedagogisk psykologisk teneste grunnskule
- Bortfall av vedtaksfesta spesialundervisning – mal for registrering
- Plan for kartlegging av elevar 1.-10. trinn

Det vart gjennomført stadleg tilsyn ved Skodje barneskule 9. februar 2023.


Statsforvaltaren hadde samtalar med tre utvalde elevar og deira føresette.

Det vart gjennomført fire gruppeintervju med fagarbeidarar og lærarar, samt eitt individuelt intervju med tilsett som representerte skuleleiinga.

Det er gjennomført telefonintervju med éin tilsett som ikkje kunne stille i gruppeintervju på tilsynsdagen.

STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL

Postboks 2025, 6404 Molde | sfmrpost@statsforvalteren.no | www.statsforvalteren.no/mr





Tilsynsrapport - vedtak

Skolen sitt ansvar for å planlegge, gjennomføre og følge opp spesialundervisninga

Ålesund kommune – Hessa skole

22/4573

Samandrag

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal fører tilsyn med Ålesund kommune og to barneskolar i kommunen. Hessa barneskole er ein av skolane vi har sett nærmare på. Temaet for tilsynet er skolen sitt ansvar for å planlegge, gjennomføre og følgje opp spesialundervisninga. Formålet med tilsynet er å undersøke om skolen oppfyller krava i regelverket som gjeld desse fasane av spesialundervisninga.

I tilsynet har vi funne at Hessa barneskole og Ålesund kommune ikkje oppfyller krava på alle kontrollområda. Fleire av regelverksbrota som er avdekte, har direkte samanheng med at vedtak om spesialundervisning for mange elevar ikkje er fatta før det har gått fleire månadar, i andre tilfelle har det tatt lengre tid. I desse tilfella har det ligge føre sakkunnige vurderingar og IOP-ar har vorte utarbeidd og teke i bruk. Skolen har dermed i praksis gitt spesialundervisning frå skolestart i august og fram til vedtak er fatta, på manglande rettsleg grunnlag for fleire av elevane. I tillegg til dette har skolen også problem med å erstatte spesialundervisningstimar som fell bort av andre grunnar enn elevane sitt eige fråvær.

Dei tilsette på skolen formidlar stor omsorg for elevane sine, og det er liten tvil om at dei har som mål å gi ei spesialundervisning som tar omsyn til elevane sitt beste. Likevel har tilsynet konkludert med at skolen ikkje har gode nok rutinar for å ta omsyn til elevane sin rett til å bli høyrde og elevane sitt beste. For å kunne vurdere konkret og individuelt kva som er ein elev sitt beste i spesialundervisninga, må skolen legge vekt på synspunkta til eleven i samsvar med eleven sin alder og modnad. Dette blir i dag ikkje gjort i tilstrekkeleg grad.

Statsforvaltaren ser i tillegg eit behov for kompetanseheving på skolen når det gjeld det å fatte vedtak, utarbeide IOP-ar og årsrapportar.

Kommunen fekk ein førebels tilsynsrapport 15. mars som rektor gav tilbakemelding på 5. april 2023. Tilbakemeldingar frå rektor på førebels tilsynsrapport er behandla fortløpande under våre observasjonar og vurderingar. Nokre kommentarar er tatt inn, og mindre endringar er gjort. Med bakgrunn i tilbakemeldinga har vi også gjort ei presisering under konklusjonen i kapittel 2.1.1 frå førebels rapport. Tilsvarande har vi gjort ei presisering i korreksjonspunkt 1 a).

Vi gjer no vedtak med pålegg om retting. Kommunen har rettefrist til 8. september 2023.

Innhald

1	Innleiing.....	4
1.1	Kort om kommunen.....	4
1.2	Om gjennomføringa av tilsynet.....	4
2	Planlegge spesialundervisninga	5
2.1	Rettslege krav	5
2.2	Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar.....	6
2.2.1	Om skolen utarbeider ein IOP snarast mogleg for alle elevar som har vedtak om spesialundervisning	6
2.2.2	Om IOP-en inneheld ei skildring av korleis spesialundervisninga skal organiserast, og om skildringa er i samsvar med vedtaka	8
2.2.3	Om IOP-en inneheld ei skildring av kva innhald spesialundervisninga skal ha, og om skildringa er i samsvar med vedtaka	10
2.2.4	Om IOP-en skildrar avvik frå dei ordinære læreplanane og kva mål elevane skal nå, og om skildringane er i samsvar med vedtaka	11
3	Gjennomføre og følge opp spesialundervisninga	13
3.1	Rettslege krav	13
3.2	Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar.....	14
3.2.1	Om spesialundervisninga i praksis har den organiseringa og det innhaldet som vedtaket gir	14
3.2.2	Om elevane får det omfanget på spesialundervisninga som er fastsett i vedtaka	15
3.2.3	Om dei som gjennomfører spesialundervisninga, har den kompetansen som lova eller vedtaka krev	16
3.2.4	Om skolen ber om nye sakkunnige vurderingar når det er behov for det	17
3.2.5	Om spesialundervisninga er samordna med den ordinære opplæringa	17
3.2.6	Om omsynet til eleven sitt beste er varetatt i gjennomføringa av spesialundervisninga.....	18
3.2.7	Om skolen utarbeider årsrapport for elevar som får spesialundervisning	20
4	Våre reaksjonar	21
4.1	Pålegg om retting	21
4.2	Oppfølging av pålegga	22
5	De har rett til å klage.....	22
6	Dokument	23

1 Innleiing

Vi fører tilsyn med offentlege skular, jf. opplæringslova § 14-1 første ledd, jf. kommunelova kapittel 30.

I tilsyn kontrollerer vi om skulane oppfyller opplæringslova med forskrifter.

Våre tilsyn er offentlig myndigheitsutøving, noko som inneber at vi skal gjennomføre tilsynet i samsvar med reglane i forvaltningsretten og offentleglova. I tilsynet behandlar vi personopplysningar. Les meir om vår behandling av personopplysningar på www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/tilsyn/.

1.1 Kort om kommunen

Ålesund kommune har 66.670 innbyggjarar og har skoleåret 2022-2023 7.491 elevar i grunnskolen. Kommunen har 31 skular.

Hessa skole er ein 1 – 7-skole som ligg på Hessa i Ålesund kommune. Skolen har 355 elevar.

Statsforvaltaren har merka seg diverse medieoppslag som handlar om at Ålesund har ein pressa kommuneøkonomi og at opplæringssektoren har måtta ta sin del av kutta. Vi har også fått meldingar frå innbyggjarar som uttrykker bekymring til oss for rammene for spesialundervisninga i Ålesund. Ålesund er fylkets største kommune, og vi har valt eit litt større tilsyn med tanke på nettopp det. Vi har derfor valt å føre tilsyn med to barneskolar; Hessa skole, som er ein sentrumsskole, samt Skodje barneskule som vart ein del av nye Ålesund kommune i 2020.

1.2 Om gjennomføringa av tilsynet

Vi opna tilsyn med Ålesund kommune i brev 20. september 2022. De vart pålagde å levere dokumentasjon til oss. Vi har fått dokumentasjonen for å gjennomføre tilsynet. Statsforvaltaren har innhenta opplysningar gjennom svar på eigenvurderingar i RefLex, skriftleg dokumentasjon, og intervju med leiinga ved skolen, utvalde tilsette, elevar og føresette.

Temaet for tilsynet er spesialundervisning. Vi har kontrollert følgjande undertema:

1. Planlegge spesialundervisninga, jf. opplæringslova §§ 5-1 og 5-5
2. Gjennomføre og følge opp spesialundervisninga, jf. opplæringslova §§ 5-1 og 5-5

Vi har ikkje sett på korleis de oppfyller andre krav i regelverket.

Formålet med tilsynet er å undersøke om skolen oppfyller krava i regelverket for tilsynstemaet.

Dersom Ålesund kommune og Hessa skole ikkje følger regelverket, kan vi pålegge retting.

Det er kommunen som har det overordna ansvaret for at krava i opplæringslova blir gjennomførte, jf. opplæringslova § 13-10. Vi gir derfor eventuelle pålegg i tilsynet til kommunen som har ansvaret for at skolen rettar opp brot på regelverket.

Vi sende førebels tilsynsrapport til dykk 15. mars. I rapporten presenterte vi våre førebelse vurderingar og konklusjonar. Kommunen ved rektor har kommentert innhaldet i den førebelse rapporten innan fristen 5. april. Med bakgrunn i tilbakemeldinga har vi gjort ei presisering under konklusjonen i kapittel 2.1.1 frå førebels rapport. Tilsvarende har vi gjort ei presisering i korreksjonspunkt 1 a).

2 Planlegge spesialundervisninga

2.1 Rettslege krav

Skolen skal utarbeide ein IOP snarast mogleg for alle elevar som har vedtak om spesialundervisning

De skal utarbeide ein individuell opplæringsplan (IOP) som er innanfor rammene av vedtaket, jf. opplæringslova §§ 5-1 og 5-5. Dersom vedtaket viser til den sakkunnige vurderinga, kan de bygge på den sakkunnige vurderinga når de lagar IOP-en.

IOP-en skal bli utarbeidd så snart som mogleg etter at enkeltvedtaket er fatta. Det kan vere aktuelt å begynne arbeidet med IOP-en noko før, men planen kan ikkje bli ferdigstilt før eit vedtak om spesialundervisning er fatta.

Eit vedtak om spesialundervisning gjeld frå skolestart eller frå det tidspunktet det er fatta, dersom ikkje noko anna er gitt i vedtaket. Formålet med ein IOP er at han skal vere eit arbeidsverktøy som skal ta vare på at elevane får spesialundervisning i tråd med vedtaket.

Kor lang tid de kan bruke på å utarbeide ein IOP, er avhengig av omfanget av og kompleksiteten i saka. Kapasitetsmessige utfordringar som oppstår gjentatte gonger, eller som er av lengre varigheit, vil ikkje vere ein gyldig grunn til at det tar langt tid å utarbeide IOP-ane. Dersom vedtaket for eksempel er fatta før sommarferien, skal IOP-en som hovudregel vere utarbeidd slik at han er klar til skolestart.

IOP-en skal vere i samsvar med vedtaket og vise korleis spesialundervisninga skal vere organisert, kva for innhald ho skal ha og vise eventuelle avvik og individuelle mål for elevane.

Det er vedtaket som fastset rammene for spesialundervisninga. IOP-en skal vere i samsvar med vedtaket og kan ikkje innehalde nye eller andre rettar for eleven enn det som går fram av vedtaket, jf. opplæringslova §§ 5-1 og 5-5.

IOP-en skal beskrive korleis de skal organisere spesialundervisninga, og må i utgangspunktet angi kor mykje tid eleven skal bruke på dei ulike organisatoriske løysingane, jf. opplæringslova § 5-5. Dersom vedtaket, med utgangspunkt i den sakkunnige vurderinga, har fastsett at eleven har behov for ei fleksibel organisering, skal dette også bli spegla i IOP-en.

Det må gå tydeleg fram av IOP-en kva det faglege innhaldet i spesialundervisninga skal vere, det vil seie kva for fag eller område eleven skal få spesialundervisning i, jf. opplæringslova § 5-5 første ledd. Avhengig av eleven sitt behov slik det er beskrive i vedtaket og sakkunnig vurdering, skal IOP-en vise for eksempel kva for type opplæring eleven skal få, formålstenlege arbeidsmåtar og pedagogisk metode og tilrettelagde læremiddel. Eventuelle nødvendige tilpassingar av det fysiske miljøet rundt eleven skal også vere beskrivne, dersom det er behov for det.

Dersom vedtaket har fastsett avvik frå dei ordinære læreplanane, må IOP-en vise kva for avvik skolen skal gjere, og kva for fag avvika skal gjelde for, jf. opplæringslova § 5-5 første ledd. IOP-en skal innehalde tydelege og realistiske mål for spesialundervisninga, jf. opplæringslova § 5-5 første ledd. De må formulere eigne mål dersom eleven si opplæring skal avvike frå kompetansemåla i dei ordinære læreplanane.

2.2 Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar

2.2.1 Om skolen utarbeider ein IOP snarast mogleg for alle elevar som har vedtak om spesialundervisning

Observasjonar:

I intervju med tilsette får vi ulike svar, men mange er av den oppfatning at det er sakkunnig vurdering som er med på å avgjere om ein elev skal ha IOP. Fleire svarer at IOP blir skriven så fort som sakkunnig vurdering er ferdig. Mange svarer at arbeidet med ny IOP begynner på våren, og målet er at han skal vere ferdig til skolestart. Skoleleiinga seier også dette. Dei uttrykker at dei har «ingen IOP utan at det ligg føre ei sakkunnig vurdering». Nokre meiner at det er utfordringar som ein elev har, som ligg til grunn for utarbeiding av IOP.

Nokre få peikar på at logisk sett vil ein IOP utarbeidast i «etterkant av vedtaket» og at det må ligge eit vedtak i botn for at ein elev skal få utarbeidd ein IOP. Ifølge skoleleiinga blir ny IOP utarbeidd for «nye» elevar som har rett på spesialundervisning, når vedtak er klart.

I samtale med elevar og føresette er det noko uklart når det gjeld samanhengen mellom vedtak om spesialundervisning og IOP. Nokre har ikkje fått vedtak, men har mottatt IOP. Nokre har mottatt vedtak og IOP, men er litt usikre på innhaldet i IOP-en.

I eigenvurderinga har alle svart ja på at det blir utarbeidd ein IOP for alle elevar som har vedtak om spesialundervisning. Fleire har lagt til kommentarar her, og skriv at IOP vert utarbeidd så snart sakkunnig vurdering er godkjent av heimen.

Det kjem også fram i kommentarane at dei tilsette ikkje har «mottatt enkeltvedtaket» dei siste åra på Hessa skole, og har derfor tatt utgangspunkt i sakkunnig vurdering, og brukt dette som «vedtak».

Ifølge dokumentet «Funksjoner Spes.ped Hessa skole» har skolen utarbeidd eit årshjul med rutinar mellom anna for at IOP skal skrivast i juni for neste skoleår og her står det at han skal ferdigstillast i august.

I tilsendt dokumentasjon har skolen lagt ved sakkunnige vurderingar, enkeltvedtak, IOP-ar og årsrapportar for sju elevar som har rett til spesialundervisning.

Vår vurdering:

Av tilsendt dokumentasjon og i intervju ser Statsforvaltaren at skolen utarbeider IOP-ar for elevar som mottar spesialundervisning, men vedtaket om spesialundervisning ligg sjeldan til grunn for IOP som er utarbeidd. Dette understøttar fleire av dei tilsette i RefLex, då dei av mangel på enkeltvedtak fortel at dei brukar sakkunnig vurdering som «enkeltvedtak». I intervju kjem det også fram at mange tilsette på skolen har ei oppfatning av at det *er* sakkunnig vurdering som er avgjerande for at elevar skal få utarbeidd ein IOP.

I tilsendt dokumentasjon for elevar som har rett til spesialundervisning, kjem det fram at i fem av desse tilfella er IOP utarbeidd og tatt i bruk før vedtak om spesialundervisning er fatta. Og etter at vi opna tilsyn, fatta skolen her fire enkeltvedtak om spesialundervisning, datert 18.01.2023, på bakgrunn av sakkunnige vurderingar datert tilbake i 2018 - 2022.

Det kan her sjå ut til at skolen har feil praksis og oppfatning av kva som er bestemmande for at IOP skal utarbeidast. Det blir her viktig for Statsforvaltaren å understreke at det er enkeltvedtaket for spesialundervisning som gir dei absolutte rammane for ein IOP.

Vidare må vi gjere merksam på at IOP-en *ikkje* kan ferdigstillast og takast i bruk før vedtak om spesialundervisning er fatta.

I «[Veilederen Spesialundervisning](#)» frå Utdanningsdirektoratet er følgande uttalt:

«Skolen kan ikke begynne å bruke en IOP overfor en elev før det er fattet et enkeltvedtak som gir eleven rett til spesialundervisning. Dette gjelder også for elever som er under utredning. Det hjelper ikke at foreldrene samtykker til at en foreløpig IOP skal brukes.

Dette innebærer at det er i strid med opplæringsloven å gi eleven ene-undervisning før det foreligger et enkeltvedtak som gir skolen hjemmel for å ta eleven ut av klassen/basisgruppen. Unntak kan være å ta en elev ut fra en del av en enkeltstående time, for eksempel for å lese høyt for en lærer».

Eit vedtak om spesialundervisning er eit enkeltvedtak fordi det er bestemmande for rettane og pliktene til bestemte personar, jf. forvaltningslova § 2 første ledd bokstav b. Eit enkeltvedtak utløyser ein rett for den enkelte og ei tilsvarande plikt for den som fattar vedtaket. Til dømes har skolen ei plikt til å gi spesialundervisning dersom ein elev har rett til spesialundervisning.

I forvaltningslova er det stilt fleire krav til kva eit enkeltvedtak skal innehalde. Nokre av krava er at enkeltvedtaket skal innehalde opplysningar om klagerett, klagefrist og framgangsmåte ved klage. Parten sin klagerett er ein sentral rettstryggleiksgaranti. Dersom ein part er ueinig i innhaldet i enkeltvedtaket, eller meiner det bygger på til dømes feil faktum, kan parten klage på vedtaket. Den instansen som har gjort enkeltvedtaket får då høve til å sjå på saka på nytt, og eventuelt endre sitt første vedtak. Dersom parten ikkje får medhald, skal saka sendast til overordna myndigheit for endeleg klagebehandling. I saker om spesialundervisning er Statsforvaltaren klageinstans.

Skulen skal sørge for at eleven/føresette blir underretta om vedtaket så snart som mogleg, jf. forvaltningslova § 27 første ledd første punktum. Vedtaket skal innehalde individualiserte vurderingar og opplysningar som eleven og føresette treng å gjere seg kjent med før oppstart av opplæringa.

At skulen utarbeider ein IOP før enkeltvedtaket, er derfor ikkje tilstrekkeleg fordi IOP ikkje har rettsleg verknad for den enkelte eleven. Skulen har høve til å starte arbeidet med ein IOP før enkeltvedtak er gjort, men planen kan ikkje ferdigstillast før enkeltvedtak om spesialundervisning er fatta.

Skolen sin praksis samsvarer ikkje med lovverket, då skolen fattar enkeltvedtak med rett til spesialundervisning månadar etter at IOP er utarbeidd og tatt i bruk.

Rektor skriv i si tilbakemelding:

*... Her er vi sterkt uenig i selve konklusjonen til statsforvalteren. Under «observasjoner» og «vår vurdering» i punkt 2.2.1 «Om skolen utarbeider ein IOP snarast mogleg for alle elevar som har vedtak om spesialundervisning», kommer det nemlig fram at skolen har gode rutiner for å lage IOP så raskt som mulig – men på bakgrunn av sakkyndig vurdering og ikke vedtaket. Vi mener at skolen faktisk utarbeider IOP for alle elever som har vedtak så snart som mulig – og at det er **vedtaket** som har kommet sent i enkelte saker.*

Vi skjønner at dette er en forvaltningssak og at statsforvalteren tar utgangspunkt i enkeltvedtaket, men for eleven, foresatt og ansatte er det faktisk IOP og organisering av skolehverdagen som er det viktige, og derfor mener vi at konklusjonen i rapporten er uriktig. ...

Ut frå dette har vi valt å gjere ei presisering i den følgande konklusjonen. Vi vurderer framleis at skulen ikkje har fatta vedtak til rett tid for fleire elevar. Vedtaket skal i følgje regelverket vere fatta før IOP-en kan takast i bruk. Utan vedtak er det altså i strid med lova å gjennomføre spesialundervisning.

Konklusjon:

Skolen utarbeider ikkje ein IOP til rett tid for alle elevar som har vedtak om spesialundervisning.

2.2.2 Om IOP-en inneheld ei skildring av korleis spesialundervisninga skal organiserast, og om skildringa er i samsvar med vedtaka

Observasjonar:

I intervjuet kjem det fram at det ikkje vert tidfesta kor mykje tid som skal brukast på dei ulike organisatoriske løysingane. Timetalet vert skriva inn i IOP, men det blir ikkje brote ned i meir spesifikke detaljar. Tilsette fortel at det i IOP-ane heller vert presisert i kva for fag elevane skal ha spesialundervisning i, og kva for sosiale ferdigheiter eleven skal øve på. Tilsette fortel at mykje av det dei skriv inn i IOP-ane, har dei tatt frå sakkunnige vurdering.

Vidare fortel andre at det er malen til Ålesund kommune som vert følgd. I malen på side 2 er ei overskrift; *kort oppsummering av innholdet i enkeltvedtaket*. Her under den eine kolona skal tilsette skriva om organisering i det enkelte fag.

Vidare kjem det fram under neste overskrift på side 3; *Mål i fag/områder med spesialundervisning, også mål for trening i sosial kompetanse* ei kolonne der det står døme på korleis organiseringa av spesialundervisninga kan skrivast:

«Organisering av spesialundervisningen (F.eks organisering av personalet, tidsramme/enetimer/gruppetimer mv.).»

Svara vi får i RefLex understøttar mykje av det som dei fleste fortel i intervju. Dei aller fleste svarer ja på at IOP inneheld ei skildring av korleis spesialundervisninga skal organiserast, medan mange kommenterer at det ikkje vert skrive kor mange timar som vert brukt til spesialundervisning. Nokre skriv at dette ikkje vert skildra grunna behovet for fleksibilitet og at dei ønsker at eleven skal følge klassen så mykje som mogleg.

På spørsmålet om IOP-ane samsvarer med enkeltvedtaka når det gjeld organisering, svarer dei aller fleste «ja» på dette spørsmålet, men skriv i kommentarane at dei tar utgangspunkt i sakkunnig vurdering.

Vår vurdering:

Vi finn i elevane sine IOP-ar at her er det skrive inn årstimetalet med spesialundervisning, som tilsette fortalde om i intervju. Vidare funn i tilsendt dokumentasjon samsvarer også med det tilsette seier i intervju og det som kjem fram i RefLex med at IOP-ane inneheld ei skildring av korleis spesialundervisninga skal organiserast. I IOP-ane på side 2 under *organisering i det enkelte fag*, finn vi ulike dømer på korleis denne organiseringa vert beskrive:

«Tilpasset undervisning i klasserom» eller «Tilpasset undervisning i klasserommet/en til en i liten gruppe».

«Tilbudet må organiseres fleksibelt i tråd med elevens behov og forutsetninger. En variasjon mellom klasseromsundervisning, gruppe-aktiviteter og enetimer»

I rubrikken der dei skal skrive korleis spesialundervisninga skal organiserast, vert det skrive meir generelt om korleis spesialundervisninga skal vere. Det kan til dømes stå:

«Ha blikkontakt med eleven» og «tydeleg klasseledelse».

I andre IOP-ar vert organiseringa meir beskriven som *«I klasse, mindre grupper»*.

Sjølv om vi får eit inntrykk av at nokre tilsette meiner at organiseringa i IOP-ane ikkje vert brotne ned i detaljar, har vi fleire døme på at organiseringa vert skildra i elevane sine IOP-ar.

Samstundes ser vi også at det ikkje er ein felles praksis ved skolen når det gjeld å skrive ei skildring av korleis spesialundervisninga skal organiserast. Nokre skriv at grunna behov for fleksibilitet og at dei ønsker at elevane skal følge klassa mest mogleg, vert ikkje organiseringa skildra. Som vi har peika på tidlegare er det enkeltvedtaket som sett ramma for spesialundervisninga elevane har rett på. Når det skal utarbeidast ein IOP og det skal gjerast ei skildring av korleis spesialundervisninga skal organiserast, må pedagogen følge det som står i vedtaket.

Når Statsforvaltaren stilte spørsmål om IOP-ane samsvarer med vedtaka, vert det vanskeleg for tilsette å svare på dette. Dette kan skuldast at dei tilsette har utvikla ein praksis der IOP-ane utarbeidast på grunnlag av sakkunnig vurdering og ikkje på grunnlag av vedtaket.

IOP-en skal sikre at eleven sitt opplæringstilbod blir i samsvar med det som eleven har rett til etter enkeltvedtaket. Dersom lærarane brukar ein IOP som ikkje bygger på eit enkeltvedtak, er det ein stor risiko for at eleven ikkje får den opplæringa han eller ho har rett på. Elevar som mottar spesialundervisning, kan karakteriserast som særskilt sårbare elevar, og det er derfor ekstra viktig at desse barna får den opplæringa og oppfølginga dei har rett på.

Konklusjon:

Ikkje alle IOP-ane inneheld ei tilstrekkeleg skildring av korleis spesialundervisninga skal organiserast og skildringa samsvarer ikkje med vedtaka.

2.2.3 Om IOP-en inneheld ei skildring av kva innhald spesialundervisninga skal ha, og om skildringa er i samsvar med vedtaka

Observasjonar:

I intervju snakkar dei tilsette om at dei tar med det som står i dei sakkunnige vurderingane inn i IOP-ane. Nokre meiner at IOP-ane er tydelege og at det kjem klart fram kva for spesialundervisning elevane skal ha.

I RefLex svarer alle tilsette at IOP-ane inneheld ei skildring av kva innhald spesialundervisninga skal ha. Det faglege innhaldet er i følge nokre tilsette i «*samsvar med sakkyndig vurdering*». Fleire skriv at det er sakkunnig vurdering som danner grunnlaget for IOP-ane.

I IOP-malen som skolen brukar, står det at skolen skal kort summere opp innhaldet i enkeltvedtaket. Malen viser også til «[Veilederen Spesialundervisning](#)» på Utdanningsdirektoratet sine nettsider. Vidare står det beskrive ei forklaring på kva som skal vere med når det gjeld innhald, omfang, organisering og kompetanse:

*«Det er krav om at enkeltvedtaket sier noe om **innhold** (hva slags opplæringstilbud,...) **omfang** (antall årstimer mv) **organisering** (i klassen/gruppe, liten gruppe, eneundervisning, alternativ opplæringsarena), **kompetanse** (lærer, spesialpedagog, logoped, assistent mv)».*

I fleire av dei tilsendte IOP-ane for 2022/2023, har dei den same ordlyden som fjoråret når det gjeld innhald.

Når det gjeld Individuelle mål og mål som skal vere forankra i LK-20, finn vi at måla i IOP-ane er sær generelle.

Nokre få IOP-ar har konkrete individuelle opplæringsmål, som til dømes at eleven skal kunne bygge opp setningar, lese tekster med flyt og nytte lesestrategiar målretta for å lære.

Vår vurdering:

I samtale med dei tilsette kjem det fram at dei har ei uklar forståing for at det er enkeltvedtaket som set ramma for IOP og utarbeiding av denne. Som vi har peikt på tidlegare i rapporten så meiner mange at innhaldet i spesialundervisninga og IOP-ane styrast av sakkunnig vurdering.

Statsforvaltaren har funne at fleire av dei sakkunnige vurderingar, som er sendt ved som dokumentasjon, er grundig og utførleg når det gjeld tilråding. Likevel ser vi fleire eksempel på at viktig informasjon knytt til eleven si opplæring ikkje er tatt med i enkeltvedtaket eller i IOP. Det kan til dømes vere lite samsvar mellom enkeltvedtak, sakkunnig vurdering og IOP når det gjeld gjennomføring, tilrettelegging av fysisk miljø, bruk av kompetanse, tid avsett til samarbeid og eleven sine realistiske opplæringsmål.

Nokre få IOP-ar har konkrete og individuelle læringsmål, men fleirtalet av IOP-ane vi har sett, har ikkje det. Ifølge «*Veilederen spesialundervisning*» (Udir 2021) må skolen gjere ei operasjonalisering av kompetansemåla i læreplanen for faget når dei skal skildre innhaldet i spesialundervisninga. Det er dei individuelle måla i IOP-en som vidare skal vurderast i årsrapporten. Om måla i LK-20 ikkje vert operasjonalisert og individualisert, vil det få konsekvensar for evalueringa i årsrapporten av eleven si måloppnåing i spesialundervisninga. Derfor er det nødvendig at dei individuelle måla vert konkretiserte.

Konklusjon:

IOP-en inneheld ikkje ei tilstrekkeleg skildring av kva innhald spesialundervisninga skal ha, og skildringa er ikkje i samsvar med vedtaka.

2.2.4 Om IOP-en skildrar avvik frå dei ordinære læreplanane og kva mål elevane skal nå, og om skildringane er i samsvar med vedtaka

Observasjonar:

I intervju fortel tilsette at om det er store avvik i sakkunnig vurdering, vert det vist til dette i IOP-en. Det vert òg sagt at det kan vere avvik i enkeltvedtaket i forhold til sakkunnig vurdering. Leiinga fortel om nokre elevar som har store avvik, og at dette er beskrive i enkeltvedtaket.

Eit stort fleirtal svarer i eigenvurderinga ja på spørsmål om ein skildrar i IOP-ane kva for avvik frå læreplanar og fag elevane skal ha. Nokre utdjupar svaret med at dette blir gjort dersom avvik står skildra i sakkunnig vurdering. Ein tilsett fortel at det blir tatt med i IOP dersom ein veit kva avvik som skal gjerast.

På spørsmål om ein skildrar klart definerte mål for spesialundervisninga i IOP-ane når elevane si opplæring skal avvike frå kompetansemåla i læreplanane, svarer dei fleste ja. Nokre svar blir utdjupa med at det blir gjort når det er «hensiktsmessig». Av dei som svarer nei på spørsmålet viser nokre at dei nyttar sakkunnig vurdering som grunnlag. Andre kommenterer at IOP ikkje er så detaljert at den tar opp kvart kompetansemål.

Nesten alle tilsette svarer ja på spørsmål i eigenvurderinga om ein skildrar avvik og individuelle mål i IOP-ane som er i samsvar med vedtaka. Også her blir det kommentert at det blir gjort der det er «hensiktsmessig». Fleire viser til at avvik og individuelle mål samsvarer med sakkunnig vurdering, og at denne bygger på vedtaket.

I IOP-malen som Ålesund kommune og Hessa skole brukar, står det forklart under «innhald» kva som skal førast opp når det gjeld avvik:

«(...) avvik fra læreplanverket, herunder kompetansemål og timer, hvilke fag avviket skal gjelde for, fritak fra vurdering mv.)»

I tillegg har malen ei kolonne for elevar med store avvik frå læreplanen. Her er det eigne rubrikkar for:

- *Individuelle mål/læringsmål (Beskriv konkrete læringsmål som inkluderer faglig/sosial kompetanse*
- *Arbeidsmåter for å nå måla, herunder bruk av lære- og hjelpemiddel*
- *Organisering av spesialundervisninga*
- *Vurderingsformer som blir benytta og dato for evaluering*

Vår vurdering:

Dersom det er behov for større eller mindre avvik frå kompetansemåla i Læreplanverket for Kunnskapsløftet, må det gå fram av enkeltvedtaket om spesialundervisning. Avviket skal vere basert på den sakkunnige vurderinga og vere tatt inn i enkeltvedtaket om spesialundervisning. I eleven sin IOP må avvik utdjupast ytterlegare.

Det er nok her det stoppar litt opp, då enkeltvedtak om spesialundervisning vert fatta seint, og det kan her verke som tilsette har litt ulik oppfatning om kva som er bestemmande for at avvik skal skildrast i IOP.

Enkeltvedtaket skal tydeleg setje ramma for spesialundervisninga eleven har rett på. Her vert enkeltvedtaket utydeleg når det gjeld om eleven skal ha avvik frå kompetansemåla og kva for fag eller delar av fag avviket skal gjelde for. I eleven sin IOP kan vi derimot sjå at det har vorte gjort avvik. Avviket er ikkje oppført i IOP-malen under «innhald», men under *eventuelle tilpassingar innafor den ordinære opplæringa*. Her står det at eleven skal følgje leselekser etter 2.årstrinn, sjølv om eleven går på eit langt høgare trinn.

Med tanke på den praksisen som har utvikla seg på skolen der vedtak ikkje er med og set ramma for kva slags spesialundervisning eleven har krav på, og svar som har kome fram i RefLex, dokumentasjon og intervju er det ikkje gjort sannsynleg at IOP-en vil skildre avvik frå dei ordinære læreplanane og kva mål elevane skal nå.

Konklusjon:

Det er ikkje godt gjort at IOP-ane skildrar avvik frå dei ordinære læreplanane og kva mål elevane skal ha.

Det er ikkje godtgjort at skildringane av avvik og kva mål elevane skal nå, er i samsvar med enkeltvedtaket.

3 Gjennomføre og følge opp spesialundervisninga

3.1 Rettslege krav

Skolen skal gjennomføre spesialundervisninga i samsvar med vedtaket og IOP-en

Spesialundervisninga skal bli sett i gang frå vedtaksdato eller frå den datoen vedtaket bestemmer, jf. opplæringslova § 5-1.

Organiseringa, innhaldet og omfanget av spesialundervisninga skal vere slik det er fastsett i vedtaket, jf. opplæringslova §§ 5-1 og 5-5. Spesialundervisningstimar som har falle bort av andre grunnar enn eleven sitt eige fråvær skal erstattast så langt det er pedagogisk forsvarleg, jf. opplæringslova §§ 5-1 og 5-5. Elevar med spesialundervisning skal ha det same totale timetalet som andre elevar, med mindre vedtaka seier noko anna, jf. opplæringslova § 5-1. De kan ikkje endre organiseringa av, innhaldet i eller omfanget av spesialundervisninga utan at det ligg føre eit nytt vedtak og ein ny IOP.

Dei som gjennomfører spesialundervisninga, må ha den kompetansen som lova eller vedtaka krev. Dersom assistentar eller andre ufaglærde skal bidra i gjennomføringa av spesialundervisninga, må dei få nødvendig rettleiing av ein lærar som oppfyller krava til kompetanse i faget, jf. opplæringslova § 10-11.

Spesialundervisninga skal bli gjennomført slik at eleven sitt beste blir tatt vare på, jf. barnekonvensjonen artikkel 3. Eleven må få tilpassa og tilstrekkeleg informasjon og høve til å uttale seg, jf. barnekonvensjonen artikkel 12. De må vektlegge eleven sine synspunkt i samsvar med alder og modnad.

Dersom perioden for den sakkunnige vurderinga er gått ut, eller de vurderer at eleven sitt behov for spesialundervisning er endra, skal de be om ei ny sakkunnig vurdering frå PPT, jf. opplæringslova § 5-3 første ledd.

Skolen må samordne elevane si spesialundervisning med den ordinære opplæringa, jf. opplæringslova §§ 5-1 og 5-5. Tilsvarande må skolen gjennomføre spesialundervisninga og den ordinære opplæringa slik at ho samla dekker dei individuelle opplæringsmåla, jf. opplæringslova §§ 5-1 og 5-5.

Skolen skal utarbeide ein årsrapport for alle elevar som får spesialundervisning

De skal kvart år utarbeide ein skriftleg rapport for alle elevar som får spesialundervisning, jf. opplæringslova § 5-5. Rapporten skal ta utgangspunkt i IOP-en for eleven og vise kva for opplæring eleven har fått. De skal vurdere utviklinga til eleven ut frå måla i IOP-en, enten eleven har hatt eigne mål eller har hatt opplæring i måla i den ordinære læreplanen.

De skal snakke med eleven om kva som skal vere innhaldet i årsrapporten, jf. barnekonvensjonen artikkel 12. De må legge samtalen til rette slik at eleven ikkje opplever samtalen som ei byrde, og får moglegheit til å uttrykke sitt syn.

Skolen skal sende årsrapporten til elevar over 15 år, til foreldra til elevar under 18 år og til kommunen.

3.2 Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar

3.2.1 Om spesialundervisninga i praksis har den organiseringa og det innhaldet som vedtaket gir

Observasjonar:

Skolen set i gang spesialundervisninga ved skolestart. Dette vert bekrefta både i intervju og i eigenvurderinga. Det er som tidlegare skrive slik at sjølve vedtaket om spesialundervisning ikkje ligg føre før IOP vert tatt i bruk. I eigenvurderinga går det fram av ein kommentar at skulen set i gang arbeidet med IOP og spesialundervisning så snart som mogleg etter at skulen har mottatt sakkunnig vurdering. I eigenvurderinga er det også uttrykt at det er lærarressurs eller mangel på dette som bestemmer om spesialundervisninga blir sett i gang frå vedtaksdato når det kjem vedtak i løpet av skoleåret.

Når det gjeld spørsmåla i eigenvurderinga om spesialundervisninga er organisert i samsvar med vedtaka og om spesialundervisninga gir eit fagleg innhald som er i samsvar med vedtaka svarer dei tilsette med nokre få unntak ja.

Vår vurdering:

Skolen har ein praksis der det viktigaste for IOP-ane er det som står i sakkunnig vurdering. Vedtaket er ofte skrive etter at skoleåret er godt i gang og IOP-ane er tatt i bruk. Vår vurdering blir gjort med bakgrunn i at det er ein følgjefeil at vedtaket ikkje er fatta før IOP er tatt i bruk. Den raude tråden frå sakkunnig vurdering via enkeltvedtak til IOP er det «knote på». Vi må derfor konkludere med at skolen på desse punkta ikkje held seg innanfor lov og regelverk.

Skolen har dette skoleåret i fleire tilfelle sett i gang spesialundervisninga fleire månader før det ligg føre eit gyldig vedtak om spesialundervisning. Dette er altså i strid med opplæringslova.

Konklusjon:

Skolen set ikkje i gang med spesialundervisning frå vedtaksdato eller den datoen vedtaket bestemmer.

Skolen gir ikkje spesialundervisning med ei organisering og eit innhald som er i samsvar med vedtaka.

3.2.2 Om elevane får det omfanget på spesialundervisninga som er fastsett i vedtaka

Observasjonar:

På spørsmål om elevane med spesialundervisning får det timetalet som går fram av vedtaket svarer 5 av dei tilsette nei i eigenvurderinga.

I Intervju og i eigenvurderinga kjem det tydeleg fram at elevar med rett til spesialundervisning ikkje får att timar som har falle bort grunna anna enn eleven sitt eige fråvær. Dette vert forklart med til tider høgt sjukefråvær og generell trong økonomi. I nokre tilfelle vert det forsøkt å gi att timar som fell bort.

Når det gjeld spørsmål i eigenvurderinga om elevar får det same totale timetalet som andre elevar, er svara noko meir spreidd. Her svarer 6 av dei tilsette nei. Det vert kommentert av tilsett at skulen prøver å gi det same timetalet til alle elevar, men at det kan skje at det av timeplantekniske grunnar blir gitt spesialundervisning i eit anna fag enn det resten av klassen har. Dersom ein elev slit med matematikk, men er sterk i norsk, hender det at denne eleven blir tatt ut av ein norsktime, blir det forklart. Eit anna svar viser til at det totale timetalet kan variere av praktiske årsaker, som eleven sitt beste, timeplanlegging, spesialundervisning i grupper.

Vår vurdering:

I «[Veilederen Spesialundervisning](#)» står det under punkt 8.6 Gjennomføring av opplæringen:

«Dersom eleven mister timer, skal dette tas igjen, så langt det er pedagogisk forsvarlig.»

Observasjonane tilseier at der er elevar ved skolen som ikkje har fått spesialundervisningstimar som dei har mista. Det er derfor ikkje godtgjort at dei får det timetalet som går fram av vedtaket, også fordi vedtaket ikkje vert fatta til rett tid. Det er heller ikkje godtgjort at elevar med spesialundervisning får det same totale timetalet som andre elevar.

Rektor skriv i si tilbakemelding:

... Vi mener at vi klarer å gi elevene spesialundervisning i det omfanget som de trenger. Men – vi må formulere enkeltvedtak og IOP på en slik måte at vi kan vise til tiltak som virker – og dokumentere dette i vårt forvaltningssystem.

Vi har også satt inn «toppressurs» for å sikre at elever som har «mistet» spesialundervisning i skoleåret. 2 ekstra ressurser er satt inn i trinn som vi vurderer har behov. Dette er ansatte som har kommet tilbake fra permisjon – og tidligere ansatte med pensjonistlønn. ...

Når ein elev har vedtak om eit antal timar med spesialundervisning er dette ein rett eleven har. Denne retten er eit minstrekrav for at opplæringa til eleven skal vere forsvarleg. Vi opprettheld difor konklusjonen frå førebels rapport.

Konklusjon:

Skolen gir ikkje spesialundervisning i det omfang som er fastsett i vedtaka.

Skolen gir ikkje elevar med spesialundervisning det same totale timetalet som andre elevar.

3.2.3 Om dei som gjennomfører spesialundervisninga, har den kompetansen som lova eller vedtaka krev

Observasjonar:

Skolen har gjennom kompetansekartlegging i 2021 dokumentert kva kompetanse dei tilsette har. Gjennom intervju og eigenvurdering kjem det fram at lærarane som utfører spesialundervisninga har godkjent kompetanse for undervisning.

Assistentar som bidrar i gjennomføringa av spesialundervisninga, fortel at dei er orientert og har lese dei dokumenta dei treng for å ta del i spesialundervisninga. Dei får også rettleiing, men det er ikkje sett av fast tid til dette, så det skjer «langsetter» og når høvet byr seg.

I eigenvurderinga svarer dei aller fleste tilsette ja både på spørsmålet om dei som gir spesialundervisning har den kompetansen som lova eller vedtaka krev, og om assistentar og andre ufaglærte som deltar i spesialundervisninga får rettleiing av ein pedagog med kompetanse i faget.

Vår vurdering:

Slik vi vurderer det, er det ikkje noko i vedtaka og dei sakkunnige vurderingane som tyder på at skolen bryt lova på dette kontrollpunktet. Men sidan det tidlegare i rapporten er peika på at skolen har noko uklar praksis når det kjem til om vedtaket om rett til spesialundervisning vert fatta før eller etter IOP er utarbeidd og tatt i bruk, kan det vere tilfelle som ligg i grenseland.

Assistentar og andre ufaglærte får etter vår vurdering nødvendig rettleiing. Dei er orienterte om dei dokumenta som er nødvendige. Dei er av og til med i drøftingar og vert spurt om kva dei meiner. Dei har ikkje fast plantid saman med faglærar eller spesiallæraren, men slik Statsforvaltaren tolkar det vi har fått vite, er dette innanfor lova.

Konklusjon:

Dei som gir spesialundervisning har den kompetansen som lova krev.

Skolen sørgjer for at assistentar og andre ufaglærte som bidrar i gjennomføringa av spesialundervisninga, får nødvendig rettleiing av kompetente lærarar.

3.2.4 Om skolen ber om nye sakkunnige vurderingar når det er behov for det

Observasjonar:

I intervju kjem det fram at skolen ber om ny sakkunnig vurdering frå PPT om behova til eleven endrar seg så mykje at gjeldande vurdering ikkje dekker behovet. Om eleven sine behov endrar seg vert det først tatt opp med spes.ped-teamet på skolen, der det vert drøfta om det kan gjerast endringar i IOP-en utan at det går utover eller vert i strid med sakkunnig vurdering. Men om dette ikkje lar seg gjere, vert eleven meldt opp til PPT for å få ny sakkunnig vurdering.

Det er, og har over lang tid, vore lang sakshandsamingstid hos PPT, og det har tatt lang tid for å få fornya sakkunnige vurderingar. Dette gjeld både i dei sakene der sakkunnig vurdering er utgått, og sakene der eleven sine behov har endra seg i vesentleg grad.

Alle tilsette, med eitt unntak, svarer ja på spørsmålet om skolen ber PPT om nye vurderingar dersom eleven sitt behov endrar seg.

Vår vurdering:

Ut frå det som kjem fram i intervju og i eigenvurderinga finn vi det godtgjort at skolen ber om nye sakkunnige vurderingar når det er behov for det. Vi merkar oss også at det tar lang tid å få nye sakkunnige vurderingar. Vi har sett fleire døme på at det er gått over eit år frå ei sakkunnig vurdering er gått ut på dato til ei ny er klar frå PPT. Dette er på ingen måte tilfredsstillande, men skolen gjer det dei skal.

Konklusjon:

Skolen ber PPT om nye sakkunnige vurderingar dersom eleven sitt behov endrar seg.

3.2.5 Om spesialundervisninga er samordna med den ordinære opplæringa

Observasjonar:

I intervju kjem det fram at sidan skolen nyttar 2-lærarsystem på 5. – 7. trinn meiner dei at elevane si spesialundervisning er godt samordna med den ordinære opplæringa. Dette fordi læraren som har spesialundervisninga og den læraren som har resten av klassen, saman planlegg aktivitet og gjennomfører timane. Dei uttrykker at dette nesten går automatisk.

Når det gjeld samordning på 1. – 4. trinn er denne meir avhengig av at lærarane har faste rutinar for samordning. Her er det i tillegg sett inn ressursar i samband med «Tidleg innsats».

Når det kjem til spørsmål i eigenvurderinga om skolen samordnar den ordinære opplæringa og spesialundervisninga, svarer dei fleste tilsette ja.

På same måte som skolen samordnar spesialundervisninga med den ordinære opplæringa, kjem det fram at skolen gjennomfører spesialundervisninga og den ordinære opplæringa slik at dei samla dekkjer opplæringa i dei individuelle opplæringsmåla.

Vår vurdering:

Skolen nyttar 2-lærarsystem på 5. – 7. trinn. Dette vil etter vår vurdering kunne styrke og støtte oppunder arbeidet med å samordne spesialundervisninga med den ordinære opplæringa. Men det stiller krav til at dei lærarane som gjennomfører både den ordinære opplæringa og spesialundervisninga er bevisste sine oppgåver slik at ikkje spesialundervisninga blir til tilpassa opplæring.

Organiseringa på 1. – 4. trinn er heller ikkje til hinder for at samordninga vert gjort.

På same måte som skolen samordnar spesialundervisninga med den ordinære opplæringa, gjennomfører dei spesialundervisninga og den ordinære opplæringa slik at dei samla dekkjer opplæringa i dei individuelle opplæringsmåla

Konklusjon:

Skolen samordnar gjennomføringa av elevane si spesialundervisning med den ordinære opplæringa.

Skolen gjennomfører spesialundervisninga og den ordinære opplæringa slik at dei samla dekkjer opplæringa i dei individuelle opplæringsmåla.

3.2.6 Om omsynet til eleven sitt beste er varetatt i gjennomføringa av spesialundervisninga

Observasjonar:

I intervjuar fortel tilsette om at dei tar elevane med på råd, og dei prøver å møte elevane sine behov. Men det er til tider ikkje nok tilgang til rom og ressursar. God kommunikasjon med heimen er viktig, og av og til endrar dei på opplegga undervegs i skoleåret. Det er ulike behov for tilhøyrsløse frå elev til elev. Nokre vil gjerne vere så å mykje så mogleg saman med klassen, mens andre vil vere aleine eller på gruppe. Dette kan òg variere med eleven sin alder og modnad.

I eigenvurderingar svarer om lag ein tredel av dei tilsette nei på spørsmålet om dei lar eleven uttale seg om gjennomføringa av spesialundervisninga. Fleire grunngir sitt nei ut frå eleven sin alder og modnad. På spørsmål om dei gjennomfører spesialundervisninga slik at eleven sitt beste er tatt i vare, svarer alle ja.

Vår vurdering:

Det er ingen tvil om at skolen og dei tilsette har dei beste intensjonar om å vareta eleven sitt beste i spesialundervisninga. Dei tilsette vi har snakka med viser eit stort engasjement og tydeleg omsorg for elevane dei har ansvar for, og dette var gjennomgåande i det som vart formidla frå skolen på tilsynsdagen. Vi ser på dette som moment som er til elevane sitt beste.

For å vurdere kva som er eleven sitt beste, er eleven si stemme sentral. Å undersøke kva som er eleven sitt syn, er derfor nødvendig. Artikkel 12 nr. 1 i barnekonvensjonen gir barnet ein rett til å gi uttrykk for synspunkta sine i alle forhold som vedkjem barnet. Skolen er etter barnekonvensjonen også forplikta til å legge «behørig» vekt på eleven sine synspunkt i samsvar med eleven sin alder og modnad. Statsforvaltaren meiner at eleven sitt syn på spesialundervisninga som blir gitt, i mindre grad blir undersøkt av skolen når det gjeld dei yngste elevane. Eleven må ikkje nødvendigvis ha meiningar om alt som gjeld spesialundervisninga, det er tilstrekkeleg at eleven meiner noko om enkelte sider av saka. Eleven har inga plikt til å uttale seg, men skal altså få høve til det. Dette har ikkje skolen klare rutinar for.

Eleven sitt beste og eleven sin rett til å uttale seg er ikkje tilstrekkeleg tatt i vare i skolen sine rutinar for gjennomføringa av spesialundervisninga

Rektor skriv i si tilbakemelding:

... I våre enkeltvedtak står det spesifikt:

«Begrunnelse for vedtaket:

Likeverdighetsprinsippet vil si at elever som har rett til spesialundervisning skal ha et tilbud om opplæring som er likestilt med det tilbudet som andre elever får. Innholdet i spesialundervisningen er til det beste for elevens skolefaglige utvikling, jf. barnekonvensjonen art. 3.

Eleven har fått anledning til å uttrykke sin mening og elevens stemme er tillagt vekt i saken i tråd med barnekonvensjonen art. 12.»

Og lærerne har ved utarbeidelse av IOPene rutine med å ta eleven med på råd – og følger opp i den daglige dialogen med elevene – og på utviklingssamtalene.

Vi har derimot ikke en egen boks i IOP eller Årsrapport som sier det samme og hvordan dette er gjennomført, men vi har gode lokale rutiner for å ta vare på elevens stemme i planlegging, gjennomføring og evaluering av spesialundervisningen.

Vi viser til det vi skriv under «Observasjonar»:

«I eigenvurderingar svarer om lag ein tredel av dei tilsette nei på spørsmålet om dei lar eleven uttale seg om gjennomføringa av spesialundervisninga. Fleire grunngir sitt nei ut frå eleven sin alder og modnad.»

Vi vurderer det slik at når så mange som 10 av 29 svarar nei på spørsmålet om dei lar eleven få uttale seg om gjennomføringa av spesialundervisninga vil det ikkje vere mogleg å konkludere med at barnet sitt beste er varetatt.

Konklusjon:

Skulen gjennomfører ikkje spesialundervisninga slik at barnet sitt beste blir varetatt.

3.2.7 Om skolen utarbeider årsrapport for elever som får spesialundervisning

Observasjonar:

I intervju med tilsette kjem det fram at det kvart år blir utarbeidd ein årsrapport på slutten av skoleåret. I intervju kom det fram at elevane ikkje har brukt å uttale seg om innhaldet i rapporten.

Ved gjennomgang av innsendt dokumentasjon ser Statsforvaltaren at det er utarbeidd årsrapportar for elever med spesialundervisning.

Leiinga ved skolen forklarar i intervju at årsrapportane vert sendt til eleven sine føresette, men at det ikkje er rutine på å sende dei til kommunen. Årsrapportane vert lagra i elevmappene og kommunen vil såleis kunne få tilgang til dei her.

I eigenvurdering i RefLex svarer tilsette ja på spørsmålet om det kvart år blir utarbeidd årsrapport for elever som har vedtak om spesialundervisning. Dei fleste av dei spurde svarer ja på at årsrapporten gir ei oversikt over den opplæringa som elevane har fått og ei vurdering av utviklinga til elevane ut frå måla i IOP-ane.

På spørsmål om skolen snakkar med elevane om kva som skal vere innhaldet i årsrapporten, både når det gjeld kva for opplæring elevane har fått og vurdering av elevane si utvikling ut frå måla i IOP-ane, svarer storparten nei. Nokre svarer at dette blir det snakka om i elevsamtalar og elles, men ikkje i ein eigen samtale i samband med årsrapporten.

På spørsmål i RefLex svarer storparten av dei tilsette ja på spørsmål om årsrapporten blir sendt til foreldre til elever under 18 år. Det blir også svart ja frå storparten på spørsmål om årsrapporten blir sendt til kommunen.

Vår vurdering:

På bakgrunn av observasjonar i intervju, eigenvurdering i RefLex og gjennomgang av saksmapper, finn Statsforvaltaren det godtgjort at skolen på slutten av skoleåret utarbeider ein årsrapport.

Skolen har klare rutinar for at årsrapporten vert skriven på slutten av skoleåret. Då er det meste av opplæringa gjennomført før skolen gjer ei evaluering av spesialundervisninga for heile skoleåret. Vi ser at skolen til ein viss grad vurderer om eleven har nådd måla i IOP-en, men *grad* av måloppnåing kjem ikkje like godt fram i alle rapportane. Årsrapportane skal kunne brukast for å justere neste års IOP-ar, men det er usikkert i kor stor grad dette skjer i praksis.

Intervjua på tilsynsdagen gir oss eit inntrykk av at elevane gjennom skoleåret aktivt vert involvert i vurderinga av trivsel, læring og utvikling, og at dei tilsette sikrar å gjere dette på ein måte som er tilpassa eleven sin alder, modnad og føresetnader. Vi har likevel ikkje sett at skolen har klare rutinar for at eleven spesifikt får høve til å uttale seg i samband med at skolen utarbeider årsrapporten. Det er viktig at skolen sikrar at eleven sitt syn på spesialundervisninga er ein del av rapportane. Retten til å bli høyrte har inga nedre aldersgrense, så retten gjeld alle elevane. Dei har derimot ikkje ei plikt til å uttale seg. Eleven sin rett til å bli høyrte treng ikkje å innebere at skolen

må ha eigne møte med elevane om årsrapportane. Eit fagleg skjønn som tar omsyn til kva som er best for eleven bør ligge til grunn når skolen planlegg *korleis* eleven skal få høve til å uttale seg.

Konklusjon:

Skulen utarbeider ikkje ein fullstendig årsrapport for elevar som får spesialundervisning.

Skulen sender årsrapportane til foreldra og kommunen.

4 Våre reaksjonar

4.1 Pålegg om retting

I kapitla ovanfor har vi konstatert at de ikkje oppfyller regelverket på alle område. Det er kommunen som er ansvarleg for at skolen blir driven i samsvar med regelverket, jf. opplæringslova § 13-10. Vi pålegg dykk å rette opp følgjande, jf. kommunelova 30-4:

Planlegge spesialundervisninga

1. Kommunen må sørge for at skolen utarbeider individuelle opplæringsplanar som er i samsvar med enkeltvedtaket, jf. opplæringslova §§ 5-1 og 5-5. Kommunen må i samband med dette sjå til at skolen:

- a) utarbeider IOP-ar til rett tid for alle elevar som har vedtak om spesialundervisning.
- b) sørger for at IOP-ane skildrar korleis skolen skal organisere spesialundervisninga, og at skildringa av organiseringa er i samsvar med vedtaka.
- c) sørger for at IOP-ane skildrar kva for eit innhald spesialundervisninga skal ha, og at skildringa av innhaldet er i samsvar med vedtaka.
- d) sørger for at IOP-ane skildrar avvik frå dei ordinære læreplanane og kva mål elevane skal nå, og at skildringa er i samsvar med vedtaka.

Gjennomføre og følge opp spesialundervisninga

2. Kommunen må sørge for at skolen gjennomfører spesialundervisninga i samsvar med vedtaket, jf. opplæringslova §§ 5-1, 5-3 og 5-5. Kommunen må i samband med dette sjå til at skolen:

- a) set i gang med spesialundervisning frå vedtaksdato eller frå den datoen vedtaket bestemmer.
- b) gir spesialundervisning med ei organisering og eit innhald som er i samsvar med vedtaka.
- c) gir spesialundervisning i det omfanget som er fastsett i vedtaka.
- d) gir elevar med spesialundervisning det same totale timetalet som andre elevar, med mindre vedtaka seier noko anna.

- e) gjennomfører spesialundervisninga slik at det beste til eleven vert varetatt.
- f) utarbeider fullstendig årsrapport for alle elevar som får spesialundervisning.

4.2 Oppfølging av pålegga

De skal setje i verk tiltak for å rette brot på regelverket straks. Når pålegga er retta, skal de erklære at rettinga er gjennomført og gjere greie for korleis de har retta.

Fristen er 8. september 2023. Vi vil ikkje avslutte tilsynet før de gjennom erklæringa og utgreiinga har vist at pålegga er retta.

5 De har rett til å klage

Tilsynsrapporten er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2 bokstav b. De kan klage på enkeltvedtaket.

Dersom de klagar, må de gjere det innan tre veker. Fristen gjeld frå beskjed om at brevet har kome fram til dykk, jf. forvaltningslova §§ 28 og 29. De sender klagen til oss. Vi har høve til å omgjere vedtaket. Dersom vi ikkje er enige med dykk, sender vi klagen til Utdanningsdirektoratet som avgjer saka.

I forvaltningslova § 32 kan de sjå korleis de skal utforme klagen.

De kan be om at vi ikkje set i verk vedtaket før klagefristen er ute, eller klagen er endeleg avgjort av Utdanningsdirektoratet, jf. forvaltningslova § 42.

De er part i saka og har rett til innsyn i saksdokumenta, jf. forvaltningslova § 18.

Molde, 25. april 2023

Einar Hernborg, tilsynsleiar

Elin Braa Rangnes, seniorrådgivar

6 Dokument

Følgande dokument vart nytta under gjennomføringa av tilsynet:

- Kompetansekartlegging – 2021
- Timeplanar for skoleåret 2022-2023
- Klasseplaner for 5. trinn
- Kvalitetsmelding for Hessa skole – skoleåret 2021 – 2022
- Virksomhetsplan VH Hessa skole 2021 – 2025
- Hessa skole årshjul
- Funksjonsoversikt Hessa skole
- Organisasjonsplan Hessa skole
- Årshjul m/ funksjoner for Spes.ped gruppa Hessa skole
- Prosedyre for årshjul spes.ped gruppa Hessa skole
- Dokumentasjon for 7 einskild elever med rett til spesialundervisning:
 - Sakkunnige vurderingar
 - Vedtak om rett til spesialundervisning
 - Individuelle opplæringsplanar
 - Årsrapportar
 - Resultat på nasjonale prøver


Det vart gjennomført stadleg tilsyn ved Hessa skole 9. februar 2023.

Statsforvaltaren hadde samtalar med utvalde elevar og deira føresette.

Det vart gjennomført fem gruppeintervju med assistentar, lærarar og skoleleiinga.

STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL

Postboks 2025, 6404 Molde | sfmrpost@statsforvalteren.no | www.statsforvalteren.no/mr



Saksframlegg

Saksnr. Utval
MS 17/23 Ålesund kontrollutval

Møtedato
07.06.2023

Årsmelding 2022 - Forum for kontroll og tilsyn FKT

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Bakgrunn:

Ålesund kommune ved kontrollutvalet er medlem i Forum for kontroll og tilsyn FKT.

Forum for kontroll og tilsyn sitt formål er å være ein møte- og kompetanseplass for mennesker som arbeider med kontrollarbeid i kommuner, fylkeskommuner, Sametinget og Longyearbyen lokalstyre.

Årsmelding 2022 og vedtekter finn de her: www.fkt.no